



SUNNMØRE TINGRETT

ORSKURD

Sagt: 19.11.2020 i Sunnmøre tingrett,
Saksnr.: 20-118161TVI-SUMO
Dommar: Kst. tingrettsdommer Rebekka Valde Bjørndal
Saka gjeld: Krav om mellombels åtgjerd

Nei Til Vindkraftverk På Haramsøy

Advokat Mari Kjellevold Brygfjeld,
Advokat Tine Larsen

mot

Haram Kraft AS

Advokatfullmektig Gro Grytli Mostuen,
Advokat Jens Furuseth Naas-Bibow

ORSKURD

Saka gjeld krav om mellombels stans i anleggsarbeid i samband med bygging av vindkraftverk på Haramsøy på bakgrunn av krav om at Haram Kraft AS sin anleggskonsesjon er ugyldig.

Kort framstilling av saka

Haram Kraft AS har konsesjon til å bygge og drive Haram vindkraftverk i Haram kommune, med ei samla installert effekt på 66 MW. Kraftverket som er under utbygging består av 8 vindturbinar og ei samla installert effekt på 33,6 MW, som gir ein produksjon på ca. 110 GWh i året. Haram Kraft AS har frist til 31. desember 2021 med å setje vindkraftverket i drift.

I alle større vindkraftsaker vert tiltakshavar gitt eit utgreiingsprogram av NVE som skildrar kva utgreiingar som må gjennomførast før ein søknad om bygging og drift av vindkraftverk kan behandlast. Vindkraftsøknadar med tilhøyrande konsekvensutgreiingar er basert på tiltakshavar sitt kunnskapsgrunnlag og tilgjengeleg teknologi på planleggingsstadiet.

Søknaden og konsekvensutgreiinga vert sendt på høyring, og det vert gjennomført møter med lokale og regionale myndigheiter samt halde folkemøter. På bakgrunn av søknad, konsekvensutgreiing, høyringsuttalar, eventuelle tilleggsutgreiingar, synfaring og egne faglege skjønnsvurderingar tek NVE stilling til om tiltaket skal få konsesjon. Konsesjon vert gitt til prosjekt som vert vurdert som samfunnsmessig rasjonelle. Denne vurderinga skjer på bakgrunn av eit fagleg skjønn av om fordelane overstig ulempene ved tiltaket. NVE sitt konsesjonsvedtak kan verte påklaga til Olje- og energidepartementet («OED»).

Anleggskonsesjonen angir rammene for tiltaket, og fastset mellom anna planområdet og maksimal installert effekt. Det vert alltid sett vilkår i konsesjonsvedtaket om detaljplan og miljø- transport- og anleggsplan («MTA-plan»), som gir konsesjonsmyndigheitene kontroll med detaljprosjekteringa.

NVE har lagt til grunn at etablering av vindkraftverk i hovudsak er eit reversibelt inngrep. Det er peika på at ved konsesjonstida sitt utløp skal vindturbinane verte fjerna og området skal setjast i stand, dersom det ikkje vert gitt forlenga konsesjon.

Konsesjonssøknad i samband med bygging av vindkraftverk på Haramsøy vart fremja av Haram Kraft AS i november 2004. Søknaden omfatta utbygging av vindkraftverk med vindturbinar på både Haramsfjellet og Flemsfjellet. Det vart gitt 53 uttalar til den opphavlege konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga frå Haram Kraft AS.

NVE bad om ei tilleggsutgreiing for mellom anna ei justert utbyggingsløyising der ein berre la til grunn ei utbygging på Haramsøy. Haram Kraft AS gav si tilleggsutgreiing i desember 2005, som omfatta tre alternative utbyggingsløyisingar.

Konsesjon for vindkraftverket på Haramsøy blei gitt av NVE første gang den 24. juni 2008. Løyvet omfatta utbygging av eit vindkraftverk med maksimal samla installert effekt på 66 MW. Det går fram av bakgrunnen for vedtaket at det vart lagt til grunn ein samla produksjon på ca. 200 GWh fornybar elektrisitet. Vidare heiter det i konsesjonen at:

«Vindkraftverket består av inntil 16 vindturbiner hver med installert effekt på inntil 4,5 MW, navhøyde inntil 90 meter og rotordiameter inntil 120 meter.»

Det går fram av konsesjonen at den gjeld i inntil 25 år frå det tidspunkt anlegget vert sett i drift, men likevel ikkje utover 1. juli 2038. Anlegget må vere fullført og sett i drift innan 1. juli 2013.

Planområdet ligg på eit fjellplatå på Haramsøy. Det er prega av landbruk og er nytta som innmark med eksisterande landbruksvegar. Planområdet er vidare avgrensa av bratte dels skogkledde sider.

Eit vindkraftprosjekt vert kategorisert etter ein karakterskala frå A (ingen konflikt) til E (svært stor konflikt). Tiltaket på Haramsøy (alternativ 3) vart vurdert å vere i konfliktkategori C, noko som inneber:

«Middels konflikt, men mulig å redusere konflikt ved avbøtende tiltak som for eksempel mindre justeringer av vindkraftverket som flytting/fjerning av et mindre antall vindturbiner. Eventuelt et område med stor verdi, men stor usikkerhet om konflikt grad, og hvor sektormyndighet tror konfliktgraden vil være stor ("føre var").»

Vedtaket vart etter klage stadfesta av Olje- og Energidepartementet den 14. desember 2009. Det var i departementet si vurdering av tiltaket lagt særleg vekt på at kraftverket synast som eit energimessig godt prosjekt, og at prosjektet vil vere positivt for den lokale og regionale krafttilgangen med ein produksjon på om lag 200 GWh/år. Departementet sette vidare vilkår om eit miljøoppfølgingsprogram for fugl, etter naturmangfaldlova § 9 og § 10.

I etterkant av OED sitt stadfestingsvedtak vart det ved kgl. res. av 28. mai 2010 fastsett verneplan for hekkande sjøfugl for Haramsøya vestsida.

Etter søknad frå Haram Kraft AS innvilga NVE utsett frist for idriftsetting med 1,5 år ved vedtak av 7. august 2012. Søknaden om forlenging frå Haram Kraft AS hadde ikkje vore på høyring, lagt ut til gjennomsyn eller blitt kunngjort for ålmennheita.

Det vart deretter utstedt ein ny anleggskonsesjon den 7. august 2012 til Haram Kraft AS for bygging og drift av Haram vindkraftverk. Innhaldet i konsesjonen var likelydande med anleggskonsesjonen av 24. juni 2008. Det vart gjort nokre endringar i konsesjonsvilkåra, herunder vart varigheita endra til 31. desember 2039, og fristen for idriftsetting vart satt til 31. desember 2014, jf. konsesjonsvilkåra pkt. 1 og pkt. 2.

Haram Kraft AS orienterte deretter NVE ved brev av 26. september 2012 om vindmålingar frå ei 80 meter høg mast i planområdet, der det går fram at:

«Haram Kraft har siden april 2011 målt vind fra en 80 m høy mast på Haramsfjellet. Basert på disse målingene har vindforholdene i planområdet blitt estimert. Svært høy ekstremvind samt utfordrende turbulensforhold legger begrensninger på utnyttelsen av området, noe som medfører et redusert prosjekt og redusert lønnsomhet. Innenfor dagens konsesjon er det derfor per i dag ikke grunnlag for å fatte investeringsbeslutning for Haram vindkraftverk. Haram Kraft ber derfor om et møte med NVE for å se på muligheter for tilpasning i konsesjonen for vindpark og nettløsning med tanke på en bedre og mer lønnsom utnyttelse av planområdet.

Operasjonelle problemer med masten har gitt noe usikkerhet i de målte og estimerte vindforholdene på fjellet. Måleprogrammet videreføres derfor til høsten 2013.»

I 2013 og januar 2014 søkte Haram Kraft AS på nytt om utsett frist for idriftsetting, samt om endring av anleggskonsesjonen for jordkabelnettet mellom vindturbinane på Haramsfjellet. Endringa gjekk mellom anna ut på reduksjon av transformeringsbehovet mellom produksjonsnett og overføringsnett, der det blei søkt om konsesjonsendring til 33 kV internt kabelnett. Bakgrunnen for søknaden var mellom anna vurdering av vindforhold og dyr nettløysing, og det går fram av søknaden at:

«Anbudsprosessen for vindturbinene startet våren 2012. På grunn av dårlig datatilgjengelighet samt de høye vindhastighetene som ble registrert i målemasten under stormen Dagmar, ønsket ingen turbinleverandører å gi bindende tilbud for et tilstrekkelig antall turbiner. Kravet fra turbinleverandørene for å kunne gi bindende tilbud er en ubrutt måleserie med minst 1 års varighet og 95% datatilgjengelighet. Haram Kraft AS vedtok derfor straks å revidere måleprogrammet under ny faglig ledelse med sikte på å etablere en måleserie med tilstrekkelig kvalitet i løpet av 2013. Nytt måleprogram startet i slutten av september 2012 og datatilgjengeligheten til dags dato er tilfredsstillende.

Selv om den nye måleserien resulterer i ønsket kvalitet, viser beregninger av ekstremvind at enkelte deler av planområdet ikke vil være tilgjengelig for IEC klasse I turbiner. Med bakgrunn i dette er det mest sannsynlig at Haram Kraft kan få bindende tilbud med de nødvendige garantier for et antall vindturbiner som tilsvarer en installert effekt på 24-33 MW.

Med hensyn til overføring av energien er det derfor ikke behov for 132 kV overføringsspenning. Teknisk og bedriftsøkonomisk er det en bedre løsning å nedskalere spenningen til 33 kV. For å redusere transformeringsbehovet vil det i tilfelle være optimalt med 33 kV internt kabelnett.»

Søknadane vart ikkje lagt ut til gjennomsyn, kunngjort eller sendt på høyring.

NVE innvilga ny fristutsetting den 30. januar 2014, og ny anleggskonsesjon vart gitt same dag. Konsesjonen si varigheit vart forlenga til 31. desember 2045 og frist for idriftsetting vart sett til 31. desember 2020, jf. konsesjonsvilkåra pkt. 1 og pkt. 3. Det går vidare fram av pkt. 3 siste avsnitt at konsesjonen ville bortfalle dersom fristen for ferdigstilling, bygging og idriftsetting ikkje vart overhalde.

Det vart ikkje gjort endringar i løyvet samanlikna med anleggskonsesjonen 7. august 2012, bortsett frå endring i spenningsnivå på jordkabel til 33 kV. Det vart bestemt at:

«Planområdets reduksjon og vindturbinenes plassering skal vidare beskrives i en detaljplan, jamfør vilkår nr 10 i denne anleggskonsesjon».

Mørenett AS (tidlegare Tafjord Kraftnett) søkte den 19. februar 2018 i samråd med Haram Kraft AS om oppdeling av nettanleggskonsesjonen for Haram vindkraftverk, slik at delar av nettanlegget frå Alvestad transformatorstasjon til og med koplingsstasjon på Haramsfjellet vart overført til Haram Kraft AS sin vindkraftkonsesjon.

Søknaden vart innvilga av NVE den 5. april 2018 utan at søknaden vart lagt ut til gjennomsyn, kunngjort eller sendt på høyring. Avgrensing i turbinar, installert effekt per turbin, navhøgde og rotordiameter i føregåande konsesjon vart teke vekk. Grunneigarar, rettshavarar, kommunen og fylkeskommunen vart gjort merksam på overføringa av nettanlegget, men ikkje at avgrensingane i turbinen sin storleik vart teke ut.

Den 20. august 2018 søkte Haram Kraft AS om endring i anleggskonsesjonen for nett-tilknytning og løyve til ekspropriasjon, og den 13. september 2018 om løyve til bygging av kaianlegg ved Håneset for ilandføring av turbinkomponentar. Søknadane vart sendt på høyring. Vidare søkte Haram Kraft AS den 30. september 2018 om ytterlegare utsett frist for idriftsetting av vindkraftverket. Denne søknaden vart ikkje lagt ut til gjennomsyn, kunngjort eller sendt på høyring.

NVE gav løyve til dei omsøkte endringane ved vedtak av 25. januar 2019. Det vart samstundes gitt løyve til ekspropriasjon av grunn og rettar for å bygge og drive kabelanlegget.

Konsesjonen gir Haram Kraft AS løyve til bygging og drift av Haram vindkraftverk på Haramsøy med ein total installert effekt på inntil 66 MW, med tilhøyrande transformatorstasjonar og nettanlegg. I tillegg vert det gitt løyve til kaianlegg og avkjørsel frå fylkesveg, samt åtkomstveg frå kaianlegget til vindkraftverket. Ny anleggskonsesjon vart deretter gitt den 7. februar 2019, då NVE i konsesjonen av 25. januar 2019 ikkje hadde forlenga konsesjonstida til 31. desember 2046. Dette vedtaket er ikkje påklaga.

I vedtak av 30. august 2019 vart konsesjonstida utvida med ytterlegare fem år, til 31. desember 2051, og det vart gitt løyve til ei mindre justering av planområdet. Vidare vart miljø- transport og anleggsplan («MTA») og detaljplan samt konsesjonsendring godkjent. I samband med MTA- og detaljplan kom det inn 38 uttalar til planane og 747 underskrifter mot etablering av Haram vindkraftverk. Olje- og energidepartementet stadfesta vidare NVE sitt vedtak om godkjenning av MTA- og detaljplan ved vedtak av 24. mars 2020.

Vindkraftverket som er under oppføring inneber ei samla installert effekt på 33,6 MW, som gir ein årleg produksjon på ca. 110 til 113 GWh. Kraftverket skal med dette bestå av 8 vindturbinar à 4,2 MW, kvar med ein rotordiameter på 136 meter, navhøgde på 82 meter og total høgde til vingespiss på ca. 150 meter.

Det skal ikkje vere turbinar på Flemsøya, og talet på turbinar på Haramsøya er halvert. I tillegg er 6 km med 15 meter høge 132 kV kraftmaster fjerna frå opprinneleg plan.

Nei til vindkraftverk på Haramsøy sette den 24. august 2020 fram stemning og krav om mellombels åtgjerd ovanfor Staten ved Olje- og energidepartementet og Haram Kraft AS. Staten og Haram Kraft AS har teke til motmæle. Kravet om mellombels åtgjerd ovanfor Staten ved Olje- og energidepartementet vart seinare fråfalle.

Staten ved Olje- og energidepartementet behandla deretter krav om omgjerung av konsesjonsvedtaket og krav om utsett i verksetting, frå saksøkjjar. Vurderinga om omgjerung inngår i oppfølginga av Stortinget sitt vedtak av 19. juni 2020:

«Vurderingene inngår i oppfølgingen av Stortingets anmodningsvedtak 19. juni 2020:

"Stortinget ber regjeringen vurdere hvorvidt behandlingen av gitte vindkraftkonsesjoner har fulgt energilovgivningingen og forvaltningslovens krav. Dersom det skulle foreligge feil eller mangler i konsesjonen som er i strid med lovgivningens krav skal forvaltningen stanse vedtaket."»

Ved vedtak av 9. oktober 2020 kom departementet fram til at det ikkje var grunnlag for omgjerung eller utsett i verksetting av vedtaket.

Retten vedtok at kravet om mellombels åtgjerd og stemninga ikkje skulle behandlast samtidig. Rettsmøte til behandling av krav om mellombels åtgjerd vart halde den 26. til 29.

oktober 2020. Retten fekk forklaring frå partane og seks vitne. Det vart elles gjort slik dokumentasjon som går fram av rettsboka.

Saksøkjjar, Nei til vindkraftverk på Haramsøy, gjer i det vesentlegaste gjeldande

Hovudkravet

Hovudkravet som det vert kravd mellombels åtgjerd for er at anleggskonsesjonen til Haram Kraft AS er ugyldig. Utan eit gyldig konsesjonsvedtak har ikkje Haram Kraft AS løyve til å byggje vindkraftverk på Haramsøy.

Det er ikkje nødvendig å gjere ei vurdering av kvar enkelt feil, det er tilstrekkeleg å gjere ei samla vurdering av feila jf. Rt. 1961 s. 910. Det er klårt at feila har hatt betydning for vedtaket sitt innhald.

1. NVE sitt vedtak av 24. juni 2008

Vedtaket er ugyldig som følgje av at saka ikkje er så godt opplyst som mogeleg før vedtaket vart treft, jf. energilova § 2-1 og forvaltningslova § 17, samt at vedtaket er treft på feil faktisk grunnlag.

1.1. Mangelfull utgreiing av vindressursar

Vindressursane var ikkje tilstrekkeleg utgreia før NVE gav løyve til utbygging av vindkraftverket den 24. juni 2008. Målingane var ikkje utført i riktig høgde.

Det kan berre gis konsesjon til bygging og drift av vindkraftverk dersom fordelane med tiltaket overstig ulempene. I konsesjonsvedtaket av 24. juni 2008 s. 4 er det konkludert med at det var «*svært gode vindforhold i området*». Dette har vist seg å ikkje vere rett då nye vindmålingar avdekkja at delar av planområdet var ueigna for vindkraftproduksjon som følgje av ekstremvind.

Risikoen for ekstremvind og eventuelle andre ugunstige vindforhold på Haramsfjellet skulle vore utgreia som ein del av kunnskapsgrunnlaget for den opphavelige konsesjonssøknaden. Når dei reelle vindforholda vart avdekkja, måtte Haram Kraft AS halvere tiltaket for å få vindkraftanlegget realisert.

Konsesjon ville ikkje blitt gitt eller alternativt gitt på andre vilkår, dersom det var klart for NVE at vindkraftverket berre ville kunne produsere omlag 100 GWh ny fornybar kraft. Mange av ulempene vil vere tilnærma dei same sjølv om tiltaket vert redusert i omfang.

1.2. Mangelfull utgreiing av fugl

Det er ikkje kartlagt trekkruiter i samsvar med konsekvensutgreiinga og krav om utgreiingar i etterkant er ikkje følgt opp.

Mangelfull utgreiing av fugl, i dette tilfelle fugletrekk, er ein feil som kan ha hatt innverknad på vedtaket sitt innhald.

1.3. Manglande utgreiing om flaggermus

Forvaltninga har eit ansvar for at å sørge for at saka sine konsekvensar for naturmangfald og trugande artar er tilstrekkeleg kartlagt før dei treff vedtak.

Det er identifisert minst fire artar av flaggermus på Haramsøya, herunder den raudlista trollflaggermusa. Noreg har vore forplikta av Eurobat-avtalen sidan 1994. Vindkraftutbygging kan forstyrre flaggermus.

Mangelfull utgreiing av flaggermus er difor ein feil som kan ha hatt innverknad på vedtaket sitt innhald, og som leier til ugyldigheit.

1.4. Manglande utgreiing av alternativ 3

Det konsesjonsgitte tiltaket, alternativ 3, er ikkje utgreia.

I utgreiinga er det lagt til grunn 3 MW vindturbinar med 70 meters navhøgde og 90 meters rotordiameter, jf. tilleggssøknaden alternativ 1A, 1B og 2.

Alternativ 3 består av vindturbinar med 4,5 MW effekt, navhøgde inntil 90 meter og rotordiameter inntil 120 meter.

2. OED sitt klagevedtak av 14. desember 2009

Vedtaket bygg på mangelfullt kunnskapsgrunnlag når det gjeld naturmangfaldet, og vedtaket manglar grunngeving, jf. naturmangfaldlova § 8.

Departementet skulle ha innhenta ytterlegare kunnskap om tiltaket si verknad for fugl før vedtaket vart treft.

Dersom det ikkje var mogeleg å innhente kunnskap om verknadane, eller kostnadane ved å innhente kunnskap var mishøvelege, stiller føre-var-prinsippet krav om at tiltaket ikkje vert sett i verk for å hindre vesentleg skade på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 9.

Vilkåret om miljøoppfølgingsprogram, jf. OED sitt vedtak av 14. desember 2009, er i strid med handleplikta slik denne er skildra i førearbeida. Vilkåret om miljøoppfølgingsprogram har ikkje som føremål å unngå vesentleg skade på naturmangfaldet, men å auke kunnskapsgrunnlaget.

Naturmangfaldlova § 49 er heller ikkje vurdert.

Det er ikkje gjort tilstrekkelege utreiingar eller kartleggingar i samband med dei etterfølgjande vedtaka, og feila er ikkje reparert.

3. NVE sitt vedtak av 7. august 2012

Det ligg føre saksbehandlingsfeil ved vedtaket ettersom søknad om utsett frist for å setje anlegget i drift ikkje vart lagt ut til gjennomsyn, kunngjort eller sendt på høyring, jf. energilova § 10-4 jf. § 2-1 femte til sjuande ledd.

Kopi av vedtaket vart berre sendt til Haram kommune, fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune. Interesseorganisasjonane vart ikkje orientert om vedtaket. Mangelen på kontradiksjon svekkjer avgjerslegrunnlaget til NVE.

Den administrative praksisen med å rekne fristforlengingar som «ubetenkelig», er lovstridig.

Ved at konsesjonstida vart forlenga til 31. desember 2039 vart anleggskonsesjonen gitt ei varigheit ut over avgrensinga på 30 år i energilova § 2-2 andre ledd.

Dette er ein materiell feil ved vedtaket. Feilen kan også ha påverka vedtaket sitt innhald ved at det er lagt til grunn ei lengre produksjonstid enn lova gir grunnlag for.

Produksjonstida har betydning for både økonomien i prosjektet og i vurderinga av om prosjektet er samfunnsmessig rasjonelt, jf. energilova § 1-2.

4. NVE sitt vedtak av 30. januar 2014

Dei alvorlegaste feila er gjort ved vedtak av NVE av 30. januar 2014.

Det er i vedtaket gitt ei fristutsettinga på seks år. Ei slik fristutsetting er i strid med forvaltningspraksis, som er å gi fem års frist frå det er gitt endeleg konsesjon til anlegget må vere sett i drift.

Søknaden vart ikkje lagt ut til gjennomsyn, kunngjort eller sendt på høyring, jf. energilova § 2-1 femte til sjuande ledd. Ei fristutsetting på seks år når tiltaket samtidig var halvert samanlikna med konsesjongitt løysing, hadde openbart ålmenta si interesse. Den korte saksbehandlingstida på tre veker frå søknaden vart sendt til den vart innvilga taler for at NVE ikkje har gjort ei forsvarleg vurdering av konsekvensane av fristutsettinga.

Vedtaket legg til rette for ei halvering av kraftverket, utan at det vart gjort ei vurdering av om vilkåra for konsesjon etter energilova § 3-1 jf. § 2-1 var oppfylt.

Haram Kraft AS opplyste at ein mest sannsynleg berre ville få bindande tilbod «for et antall vindturbiner som tilsvarer en installert effekt på 24-33 MW». Opplysningane inneber ei vesentleg endring av det konsesjonsgitte tiltaket.

Fordelane ved kraftverket er redusert ettersom kraftproduksjonen vart halvert, og kostnad per kWh auka med den nye løysinga.

Det skjedde ikkje noko tilsvarande reduksjon av ulemper. Det skal etablerast meir ny veg, arealbeslag for kranoppstillingsplassar er det same, sveiparealet er redusert med 1/3, medan sveipareal under 50 meter er auka med 5000 kvadratmeter.

Når fordelane går markant ned skal det gjerast ei ny interesseavveging for å avklare om fordelane framleis overstige ulempene ved tiltaket, jf. energilova § 3-1 jf. § 1-2. Heile vurderinga er utelatt og vedtaket er ugyldig.

Feila er ikkje reparert i NVE sitt vedtak om godkjenning av detaljplan og MTA-plan i 2019. Saka var heller ikkje godt nok opplyst før vedtak vart fatta, jf. energilova § 2-1 tredje ledd og forvaltningslova § 17.

Det er i vedtaket heller ikkje gjort noko vurdering av prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 jf. § 7. Vurderinga skal gjerast i kvart vedtak og forvaltninga må vise korleis prinsippa er vurdert i den konkrete saka, og kva vekt dei har fått, jf. også Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) side 3. Manglande vurdering er åleine ein feil som kan leie til ugyldighet, jf. blant anna Sivilombudsmannen sin uttale av 28. august 2018 (sak 2018/1219).

Det er i vedtaket ikkje gjort noko vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova § 49, som gjer seg gjeldande når eit tiltak som krev løyve kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde. Naturreservatet «Haramsøya vestsida» vart vedteke ved kgl.res. 22. juni 2010 for å verne fuglelivet i området. Verknadane for dette naturreservatet skulle vore vurdert når NVE gav løyve til å forlenge utbyggingsfristen.

5. NVE sitt vedtak av 5. april 2018

Det vart i brev av 19. februar 2018 frå Mørenett AS (tidl. Tafjord Kraftnett) søkt om oppdeling av konsesjon for nettilknytning av Haram vindkraftverk, slik at Haram Kraft AS overtok nettförbindinga frå koplingsstasjonen på Haramsfjellet til Alvestad transformatorstasjon. Søknaden vart ikkje lagt ut til gjennomsyn, kunngjort eller sendt på høyring, jf. energilova § 2-1 sjuande ledd.

Søknaden vart teke til følge og ved vedtak av 5. april 2018 endra NVE anleggskonsesjonen for Haram Kraft AS, slik at nettanlegget fram til Alvestad transformatorstasjon vart inkludert i konsesjonen.

Samtidig endra NVE konsesjonen ved at avgrensingar i tal på turbinar, maksimal installert effekt per turbin, maksimal navhøgde og rotordiameter vart teke ut. Ei direkte følgje av endringa er at Haram Kraft AS no har planlagt å installere vindturbinar med ein rotordiameter på 136 m. Energilova § 10-4 tillét berre endring av konsesjonsvilkår. Dette var derimot ein del av sjølve konsesjonen til Haram Kraft AS, som ikkje kan endrast utan ny konsesjonsbehandling.

Vidare vart det gjort ei endring i vilkåra, ved at detaljplanen no skulle «*drøftes med Haram kommune*» jf. 2018-konsesjonen pkt. 11, i staden for å utarbeidast i «*nært samarbeid med Haram kommune*», jf. pkt. 10 i 2014-konsesjonen. Kommunen si rolle ved utarbeiding av detaljplan er fjerna heilt i konsesjon av 7. februar 2019. Endringane vart ikkje orientert om i oversendinga til Haram kommune den 5. april 2018. Dette er å rekne for ei manglande underretning om vedtaket jf. forvaltningslova § 27, med den konsekvens at kommunen og lokalbefolkninga vart fråteken mogelegheita til å angripe vedtaket.

Uansett er vedtaket i strid med forvaltningslova 17 og energilova § 2-1, då saka ikkje var godt nok opplyst og fordi søknaden ikkje vart offentleggjort for ålmenta. Forvaltningslova §§ 24 og 25 er også brote ved at vedtaket ikkje er grunngjeve.

Naturmangfaldlova § 49 gjorde seg gjeldande ved NVE sine vedtak i 2012, 2014 og 2019. I samband med endringane i konsesjonsvedtaket i 2018 skulle innverknaden på verneverdiane i det tilgrensa fuglereservatet vore vurdert.

Vedtaket av 5. april 2018 er med dette ugyldig, og feila er ikkje reparert ved seinare vedtak.

6. NVE sitt vedtak av 25. januar 2019, retta ved vedtak av 7. februar 2019

Konsesjonen si varigheit til 31. desember 2051 er i strid med energilova § 2-2 andre ledd, sjå punkt 3 over.

Vedtaket bygg på tidlegare vedtak, der det er feil og manglar både i opphøveleg konsesjon og i seinare konsesjonsendringar.

Feila er ikkje reparert ved underretting om vedtaka, det er heller ikkje presentert etterfølgjande utgreingar som kan reparere manglande utgreiingar og avvegingar i samband med vedtak om fristforlenging.

Konsekvensen av ugyldigheita er at Haram Kraft AS ikkje har konsesjon til utbygging og drift av Haram Kraftverk.

Sikringsgrunn

Det ligg føre sikringsgrunn etter tvistelova § 34-1 bokstav a og b då Haram Kraft AS har sett i gang arbeidet. Arbeidet påfører uoppretteleg skade i form av utsprengingar, planering, etablering av fundament etc. Det er primært nødvendig å pålegge stans i anleggsarbeidet for å unngå at forfølginga og gjennomføringa av kravet elles vert vesentleg vanskeleggjort.

Det ligg føre ei rekkje inngrep som ikkje er utført, som den nye vegen ned til kaia, utviding av eksisterande veg til turbinpunkt 1,2,3,4, 5 og 6 og delvis fram til punkt 8. Planering og etablering av fundament og oppstillingsplassar, kvar på om lag 1700 m², samt sprengingar og terrengtilpassingar.

I ei interesseavveging må skadane på natur vege tyngre enn dei økonomiske konsekvensane som ein stans vil få for Haram Kraft AS. Det er nettopp omsynet til naturen som skal sikrast ved søksmålet. Eit krav om stans i anleggsarbeida er ikkje uforholdsmessig.

Sakskostnader

Dersom saksøkjær ikkje vinn fram med kravet om stans i anleggsarbeid er det grunn til å lempe ansvaret for sakskostnader, jf. tvistelova § 20-2 tredje ledd. Det vert særleg peika på domstolane si rolle som kontrollør av offentleg forvaltning. Det er ei føresetnad for desse sakene at den svakare part tør å fremje saker for domstolskontroll, jf. Innst. O nr. 110 s. 62.

I alle tilfelle er sakskostnadskravet til saksøkte for høgt, og det vert særleg trekt fram at det er nytta ein høg timesats.

Saksøkjær sin påstand

1. Anleggsarbeidet for bygging av vindkraftverk på Haramsøy vert stansa inntil det ligg føre endeleg dom i søksmål om gyldigheita av anleggskonsesjon til Haram Kraft AS for bygging og drift av Haram vindkraftverk.
2. Nei til vindkraftverk på Haramsøy vert tilkjent sakskostnader.

Saksøkte, Haram Kraft AS, gjer i det vesentlegaste gjeldande

Hovudkravet

Konsesjonen til Haram Kraft AS er gyldig og saksøkjær har ikkje sannsyneleggjort sitt hovudkrav.

1. NVE sitt vedtak av 24. juni 2008

1.1. Påstått manglande kartlegging av vindressursar

Vindmålingane i anleggskonsesjon av 24. juni 2008, stadfesta av OED den 14. desember 2009, vart utført i samsvar med dåtida sin industristandard.

Årsaken til at delar av planområdet på eitt tidspunkt vart vurdert som ueigna på grunn av turbulens og ekstremvind, var at enkelte turbinleverandørar opplevde vindforholda som utfordrande. Det vart gjennomført vindmålingar med ei 84 m høg målemast i perioden september 2012 til oktober 2014. Desse åra med målingar har gitt turbinleverandøren tilstrekkeleg grunnlag for å vere komfortabel med vindforholda. Med dagens teknologi er heile planområdet eigna for vindkraftproduksjon.

1.2. Påstand om mangelfull utgreiing av fugl

Utgreiingane knytt til fugl var forsvarlege på vedtakstidspunktet i 2008, og det vart stilt vilkår som avbøtande tiltak.

Kunnskapsgrunnlaget er mellom anna basert på NOF ved Folkestad si innhenting av kunnskap på Haramsøy sidan 1968.

Det er i konsekvensutgreiinga ikkje stilt krav om utgreiing av trekkorridorar, berre at ein skal skildre kort «kjente» trekkorridorar.

Verknaden for fugl har fått stor betydning i utarbeidinga og godkjenninga av MTA-planen.

1.3. Påstand om manglande utgreiing av flaggermus

Det er ikkje konstatert at det er flaggermus i planområdet, eller at det ligg føre noko risiko for skade.

NVE har i 2019 satt vilkår for å førebyggje/hindre skade i godkjenning av MTA-plan, og dette er stadfesta av OED.

1.4. Manglande utgreiing av alternativ 3

Alternativ 3 gir mindre naturinngrep enn alternativ 1 og 2. Alternativ 3 vart difor anbefalt av Direktoratet for naturforvaltning.

Eventuelle andre negative verknader ved alternativ 3 er utgreia i MTA-vedtaket.

2. OED sitt klagevedtak av 14. desember 2009

Haram Kraft AS meiner at Nei til Vindkraftsverk på Haramsøy verken har underbygd faktisk eller rettsleg at det ligg føre ei mangelfull vurdering av naturfangfoldlova §7 jf. § 8-12 og § 49.

Dessutan er OED si vurdering følgt opp i seinare vedtak, då det er lagt stor vekt på omsynet til naturmangfaldet ved utarbeidinga og godkjenninga av MTA-planen.

OED har i sitt vitnemål vist til at nærleiken til Haramsøy vestsida naturreservat gjer at kunnskapsgrunnlaget om fugl er betre enn normalt. Verneverdiane er vidare teke omsyn til i den endelege utbyggingsløyisinga.

3. NVE sitt vedtak av 7. august 2012

Det er «ubetenkelig» å ikkje kunngjere eller sende på høyring vedtak som er heilt i tråd med alminneleg praksis hos NVE, når det gjeld endring i frist for idriftsetting og varigheit på konsesjonen.

Desse endringane har i seg sjølv ikkje betydning for naturinngrepet sitt omfang eller vindkraftverket si påverknad på omgivnadane. Det er berre fordelar og ulemper ved fristforlenginga som skal verte vurdert av konsesjonsmyndigheitene, og ikkje tiltaket i seg sjølv.

Eventuelle feil er uansett avhjelpert ved seinare saksbehandling av NVE og OED. Det vert vist til NVE si oversending av 18. november 2019 av klager på godkjenning av MTA-planen, og OED sitt stadfestingsvedtak av 24. mars 2020.

Varigheita på den anleggskonsesjonen som enno ikkje er utskriven, jf. OED sitt vedtak av 24. mars 2020, har med dette vore underlagt høyring på vanleg måte. Det har i det høve ikkje kome fram noko ny informasjon som dannar grunnlag for ei anna vurdering enn det NVE og OED har gjort, og eventuelle tidlegare feil kan på dette punktet ikkje ha smitta over på OED sitt vedtak av 24. mars 2020.

Saksøklar har elles ikkje vist til noko ny eller manglande informasjon som ville ha kome fram dersom søknaden hadde vore underlagt høyring, og korleis slik informasjon eventuelt kunne ha verka inn på vedtaka.

Når det gjeld konsesjonen si varigheit er ikkje ordlyden i energilova § 2-2 til hinder for forlenging, og forlenging har elles støtte i førearbeida og omsyna bak føresegna.

Forlenging av konsesjonen si varigheit i samsvar med forlenga frist for idriftsetting er elles i tråd med fast forvaltningspraksis. I alle tilfelle vil ein eventuell feil berre ha betyding for varigheita av konsesjonsvedtaket og ikkje for gyldigheita.

4. NVE sitt vedtak av 30. januar 2014

Søknaden av 9. januar 2014 gjaldt ikkje ei nedskalering av prosjektet, men utsett frist for idriftsetting og endring av jordkabelanlegget. Søknaden gav ikkje høve til utgreiing av om anleggskonsesjonen burde ha vore gitt, eller vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12 eller § 49.

Det er adgang til å gi løyve til eit mindre prosjekt innanfor ytteramma av anleggskonsesjonen ved godkjenning av detaljplan/MTA-plan.

Konsekvensane av den aktuelle nedskaleringa av prosjektet er vurdert i detaljplanen og MTA-vedtaket.

Bevisføringa viser at prosjektet med nedskaleringa er vurdert som eit betre prosjekt enn det omsøkte. Det er ikkje snakk om halvering av produksjon, sjølv om effekten er halvert. Den forlenga levetida har vore av stor betyding for lønsemda. Forsyningsikkerheita for alle knytt til Alvestad transformatorstasjon er betra, og Haram Kraft AS vil levere 70 % av krafta til Alvestad.

Når det gjeld manglande høyring av fristutsettinga vert det vist til anførslane i relasjon til vedtaket av 7. august 2012.

5. NVE sitt vedtak av 5. april 2018

Endringane i vedtaket er i tråd med NVE og OED sin forvaltningspraksis som inneber at fastsetting av turbintype og turbinplassering skjer gjennom MTA-planen, ikkje i sjølv anleggskonsesjonen.

Ein slik prosess inneber at best mogeleg tilgjengeleg teknologi kan nyttast på det tidspunktet utbygginga vert realisert, og det gir myndigheitene gode mogelegheiter til å sikre at miljøet vert ivareteke ved val av turbinløyving, samtidig som det skjer ei grundig vurdering av den utbyggingsløyving som til slutt blir vald.

Saksøkjjar, kommunen og ålmenta elles har fått alle mogelegheiter til å påverke og få utbyggingsløyvinga vurdert av energimyndigheitene, noko dei også har nytta seg av.

Saksøkjjar hevdar at vedtaket frå april 2018 endra krava til korleis MTA-planen skulle utarbeidast i samråd med kommunen.

Endringa i ordlyd innebar ikkje nokon realitetsskilnad. Kommunen har verken ved høyringa av MTA-planen eller i klageomgangen reist kritikk mot korleis kommunen hadde blitt involvert i utarbeidinga av MTA-planen.

6. NVE sitt vedtak av 25. januar 2019, retta ved vedtak av 7. februar 2019

Vedtaket gjaldt mellom anna søknad om kai, jordkabel, og ekspropriasjon, som også vart sendt på høyring. Søknad om fristforlenging vart ettersendt, og var ikkje gjenstand for høyring.

Når det gjeld manglande høyring av fristutsettinga vert det vist til det som går fram av i relasjon til vedtaket av 7. august 2012.

Det er elles av betydning at det ikkje kom inn noko klage på vedtaket.

7. Vedtak av 30 august 2019 og 24. mars 2020

Dagens anleggskonsesjon vart endra ved vedtak av 30. august 2019, stadfesta av OED 24. mars 2020, men nytt konsesjonsdokument er enno ikkje skrive ut.

Vedtaka reparerer i alle tilfelle eventuelle tidlegare feil ved konsesjonsbehandlninga.

Sikringsgrunn

Det ligg ikkje føre sikringsgrunn etter tvistelova § 34-1 bokstav a eller b.

Det er heller ikkje nødvendig med ei mellombels sikring av kravet om at konsesjonsvedtaka er ugyldige.

Dei økonomiske tapa som Haram Kraft AS vil lide ved ei ytterlegare forseinking, står i openbart misforhold til den interesse saksøkjara har i ei mellombels åtgjerd, jf. tvistelova § 34-1 andre ledd.

Haram Kraft AS er allereie svært forseinka som følgje av ulovlege aksjonar, og ytterlegare forseinkingar vil føre til store økonomiske tap. For kvar dag som går der anleggsarbeidet ikkje kan fortsette vil Haram Kraft AS bli påført eit direkte tap på om lag kr. 120 000, i tillegg kjem følgetap.

Inngrepa er reversible. Store delar av vegnettet er no ferdig, og ein er betre tent med ein ferdig veg enn slik det står no. Det er også av betydning at inngrepet ikkje skjer i inngrepsfrie naturområder.

Også forhold på saksøkjara si side kan vere av betydning i vurderinga av forholdsmessigheita. Denne saka gjeld vedtak som ligg tilbake i tid. OED gjorde ved sitt vedtak den 24. mars 2020 ei grundig vurdering av gyldighetsspørsmålet, og konkluderte

med at vedtaka var gyldige samt godkjente igangsetting av arbeida ved anleggsvegen, sjølv om endeleg turbinplassering måtte revurderast og godkjennast av NVE. Nei til Vindkraftverk på Haramsøy kunne på dette tidspunktet ha kravd mellombels åtgjerd og levert inn stemning. I det minste kunne det vore gjort då arbeida skulle setjast i gang i mai 2020. Dette bør få betyding for vurderinga av forholdsmessigheita. Det vil dessutan vere tid til å få prøvd hovudkravet før idriftsetting av anlegget.

Vedkomande saksøkjjar sin påstand og sakskostnader

Dersom retten skulle treffe mellombels åtgjerd i denne saka ber Haram Kraft AS om at retten si orskurd stansar arbeidet til dom ligg føre i Sunnmøre tingrett, eller til det ligg føre eit anna grunnlag for vidare utbygging av vindkraftverket, herunder at det vert treft nytt konsesjonsvedtak.

Det er ikkje grunnlag for å gjere unntak frå sakskostnadsansvaret. Saka kunne vore reist som eit ordinært søksmål mot OED på eit vesentleg tidlegare tidspunkt. Vidare er dette ein uforskyldt situasjon for Haram Kraft AS, og momentet i forhold til adgangen for ein svak part å få prøvd eit forvaltningsvedtak kan ikkje verte tillagt vekt.

Sakskostnadane er rimelege og nødvendige. Saka er svært viktig for saksøkte økonomisk sett. Saka er svært vidt anlagt, og anførslar er fråfalle undervegs.

Saksøkte sin påstand

1. Krav om mellombels åtgjerd vert ikkje teke til følge.
2. Haram Kraft AS vert tilkjent sakskostnadane.

Retten si vurdering

1. Innleiing

For at eit krav om mellombels åtgjerd skal kunna takast til følgje, må Nei til Vindkraftverk på Haramsøy gjere så vel kravet som sikringsgrunnen sannsynleg, jf. tvistelova § 34-2 første ledd.

Det er ikkje gjort gjeldande at det i denne saka ligg føre fare ved opphald, slik at eit lempelegare beviskrav gjer seg gjeldande jf. tvistelova § 34-2 andre ledd. Retten kan heller ikkje sjå at det i denne saka er slikt fare ved opphald.

Når det gjeld sannsyneleggjering av hovudkravet må retten ut frå ei vurdering av saka sine faktiske og rettslege sider, finne det meir sannsynleg at saksøkjaren i ei etterfølgjande

rettssak vil nå fram med sitt hovudkrav enn at han ikkje vil gjere det, jf. Ot.prp. nr. 65 (1990-1991) s. 276.

Nei til Vindkraftverk på Haramsøy sitt hovudkrav er at ei rekkje forvaltningsvedtak er ugyldige. I denne saka er gjeldande anleggskonsesjon gitt av NVE ved vedtak av 7. februar 2019. Siste konsesjonsvedtak i saka er vedtak av OED av 24. mars 2020, med stadfesting av NVE sitt vedtak av 30. august 2019, og NVE si godkjenning av justert detaljplan og MTA-plan av 18. september 2020. Ny anleggskonsesjon var ikkje gitt på tidspunktet for dei munnlege forhandlingane.

Dersom Nei til Vindkraftverk på Haramsøy opprettheld at samtlege vedtak er søksmålgjenstand, meiner retten at det i så tilfelle kan stillast spørsmål ved om det er NVE som er rett saksøkt for dei vedtaka som ikkje er påklaga til OED. Retten kan derimot ikkje sjå at dette har noko betydning i denne saka, då kravet om mellombels åtgjerd er retta mot tiltakshavar Haram Kraft AS.

Retten deler elles ikkje saksøklar sitt syn om at samtlege vedtak er søksmålgjenstand. Retten meiner likevel at det vil vere av betydning å vurdere gyldigheita av tidlegare vedtak, for å kunne ta stilling til om eventuelle feil er reparert eller framleis gjer seg gjeldande ved seinare vedtak.

Den skjønnsmessige vurderinga av fordelar og ulemper som konsesjonsmakta gjer etter energilova § 3-1 jf. § 1-2 kan domstolane ikkje overprøve, herunder spørsmålet om Haram Kraft AS *burde ha fått* konsesjon til å bygge vindkraftverk på Haramsøy og på kva vilkår, jf. Rt. 1982 s. 241 (Alta-dommen).

Domstolane kan derimot prøve om eit forvaltningsvedtak manglar heimel, om det treft av rett organ, om det ligg føre feil i faktum, om det er feil i saksbehandlinga og om det ligg føre myndigheitsmisbruk.

Nei til Vindkraftverk på Haramsøy har gjort gjeldande fleire ugyldigheitsgrunnar, og då særleg at det ligg føre feil i faktum, at saka ikkje er så godt opplyst som mogeleg og at ei rekkje av vedtaka manglar grunngeving. Retten forstår saksøklar slik at ein meiner at konsesjonen er ugyldig, både som følgje av dei enkelte feil som er gjort og dei samla verknadane av feila.

Retten skal ved prøvinga legge til grunn faktum slik dette var på vedtakstidspunktet, jf. Rt 2012 s. 257. I denne saka, der det ligg føre ei rekkje vedtak, vil dette etter retten sitt syn vere det faktum som låg føre på tidspunktet for det enkelte vedtak.

2. Nærmare om kravet til saka si opplysning, kravet til grunngjeving og spørsmålet om ugyldigheit

2.1. *Kravet til saka si opplysning*

Saksøklar gjer gjeldande at det ligg føre mangelfulle utgreiingar og manglande kunnskapsgrunnlag knytt til fleire områder i vedtak treft av NVE og OED, herunder utgreiing av vindressursar, fugl/trekkruiter og flaggermus.

Retten finn det difor hensiktsmessig å først sjå nærmare på kva som ligg i at ei sak skal vere så godt opplyst som mogeleg, jf. forvaltningslova § 17. Forvaltningslova § 17 inneber ei plikt for forvaltinga til å sikre at ei sak er forsvarleg opplyst, jf. for eksempel Rt-2009-661 avsnitt 57.

Det følgjer derimot både av førearbeid og rettspraksis at utgreiingsplikta ikkje kan takast heilt på ordet og at utgreiingsplikta er relativ, jf. HR-2017-2376-A:

«(33) (...) Det følgjer difor allereie av føremålet, framheva i førearbeida, at ein ikkje kan ta den generelle utgreiingsplikta heilt på ordet, jf. NUT 1958: 3 side 161:

«Formålet med saksforberedelsen er å skaffe til veie alt det materiale av faktisk og rettslig art som er nødvendig for sakens avgjørelse.»

(34) For det første følgjer det av tilvisinga til «nødvendig» at kravet til grundigheit må tuftast på ei avveging mellom omsynet til å oppnå eit forsvarleg resultat og ein tenleg ressursbruk. Som framheva i Rt-2011-111 avsnitt 52 har det også tyding kor inngripande vedtaket er. (...)

(35) For det andre følgjer det av tilvisinga til «nødvendig for saken» at kravet til utgreiing må ta utgangspunkt i dei konkrete spørsmåla som forvaltinga skal ta stilling til i den enkelte saka.

(36) Utgreiingsplikta kan med dette seiast å vera relativ – avhengig av karakteren av saka og kva som er dei relevante spørsmåla i saka. Utgreiingsplikta må tilpassast dei konkrete omstenda i saka»

Spørsmålet om ei sak er tilstrekkeleg opplyst må vurderast ut frå kva vedtak som skal treffast. I denne saka er det tale om konsesjonsvedtak etter energilova § 3-1, der retningslinjene for vedtaket er at det skal vere samfunnsmessig rasjonelt jf. energilova § 1-2. Ei rekkje kryssande og viktige omsyn må vurderast og eit vedtak vil ha stor betydning for både ålmenne og private interesser, noko som igjen skjerpar kravet til avgjerslegrunnlaget. Retten legg til grunn at det styrande i første rekkje vil vere å sikre eit forsvarleg avgjerslegrunnlag for dette skjønnet.

Vidare er det krav om at tiltakshavar for å opplyse saka skal gjere ei konsekvensutgreiing i samband med konsesjonsvedtak, jf. plan- og bygningslova kap. 14. Reglane om konsekvensutgreiing inneheld ein formalisert utgreiingsprosess før realitetsbehandlninga av ein konsesjonssøknad, som skal inngå i avgjerslegrunnlaget. Det er lagt til grunn at grensa mellom plikta til konsekvensutgreiing og plikta til forsvarleg saksutgreiing etter forvaltningslova § 17, ikkje er skarp, jf. Rt. 2009 s. 661 avsnitt 57.

Nærmare retningslinjer i forhold til å utgreie verknadane for naturmiljøet følgjer av prinsippa for offentlege avgjerder etter naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8 til 12 i lova.

I denne samanheng har saksøkjjar mellom anna gjort gjeldande at prinsippet til kunnskapsbasert forvaltning ikkje er oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Retten viser til at prinsippet om kunnskapsbasert forvaltning gjeld så langt det er rimeleg ut frå saka sin karakter og risikoen for skade, jf. naturmangfaldlova § 8. Saksøkjjar har også gjort gjeldande at føre-var prinsippet i naturmangfaldlova § 9 er brukt feil. Retten viser her kort til at § 9 ikkje kan forståast som ei bindande retningslinje om at ei kvar skade skal unngåast, jf. Backer, Naturmangfoldloven 2009 s. 487.

Det vil vere eit skjønsspørsmål på kva måte opplysingane skal innhentast, og retten kan ikkje sjå at det kan krevjast at ei kvar interesse som vert berørt må gjerast til gjenstand for ei eiga utgreiing. Det avgjerande må vere om dei interessene som er berørt får ei forsvarleg behandling i samband med konsesjonssaka, jf. Rt. 1982 s. 241 («Altasaka») på side 318.

Retten viser til at denne saka, i likskap med Altasaka, synast å gjelde eit område der det på førehand er vanskeleg å vurdere om skade vil oppstå og kor stor den i tilfelle vil bli. Det går fram av Altasaka s. 267, at det i eit slikt tilfelle må stillast krav til at prognosane er forsvarlege:

«På en rekke punkter har uenigheten mellom partene i saken sammenheng med at det ofte er meget vanskelig å forutse om en skade vil oppstå og hvor stor den i tilfelle vil bli. Det er klart at man i så fall ikke kan stille bestemte krav om at skadefølgen skal tallfestes eller kvantifiseres. Det man kan gjøre, er å avdekke risikofaktorer og angi mulige skadefølger. I og med at det her dreier seg om prognoser som etter sin art vil være forbundet med usikkerhet, må saksbehandlingen være i orden dersom prognosene er forsvarlige på den tid de må foretas. Er prognosene forsvarlige, vil det også vanskelig bli tale om å anse utbyggingsvedtaket ugyldig på grunn av uriktige faktiske forutsetninger selv om utviklingen skulle ta en annen retning eller nyere kunnskap skulle gjøre det mulig å oppstille bedre prognoser.»

2.2. Kravet til grunngjeving

Nei til Vindkraftverk på Haramsøy har for fleire av vedtaka gjort gjeldande at krava til grunngjeving ikkje er oppfylt, jf. forvaltningslova § 25.

Retten viser til at ei grunngeving skal setje ein part i stand til å forstå vedtaket og vareta sine rettar etter lova. Ei slik forståing bidreg til aksept av avgjersler og tillit til forvaltninga, og det vert enklare å identifisere feil som kan leie til klage.

Kor sterke krav som vert stilt til grunngeva må tilpassast etter saka sitt alvor, ressursar og kva som vert kravd for å få eit forsvarleg resultat, jf. NOU 2019: 5 punkt 23.5.2.

Ei rekkje kryssande og viktige omsyn skal vurderast og eit vedtak vil ha stor betydning for både ålmenne og private interesser. Dette skjerpar også kravet til grunngeving i denne saka.

2.3. Spørsmålet om ugyldigheit

Dersom det ligg føre feil ved vedtaket må retten gjere ei nærmare vurdering av om vedtaket av den grunn er ugyldig.

I forhold til ugyldigheitsvurderinga viser retten til at det følgjer av forvaltingslova § 41 at eit vedtak likevel er gyldig «*når det er grunn til å regne med at feilen ikke kan ha virket bestemmende på vedtakets innhold*». I dette ligg ikkje eit krav om sannsynlegheitsovervekt for at feilen kan ha fått betydning, det er tilstrekkeleg med ei ikkje heilt fjerntliggande mogelegheit. I forhold til sjølve vurderinga som skal gjerast går det fram av Rt. 2009 s. 661 avsnitt 72, at:

«Vurderingen beror på de konkrete forhold i saken, herunder hvilke feil som er begått og vedtakets karakter. Der saksbehandlingsfeilen har ledet til mangelfullt eller uriktig avgjørelsesgrunnlag på et punkt av betydning for vedtaket, eller feilen på annen måte innebærer tilsidesettelse av grunnleggende fordringer til forsvarlig behandling, skal det gjennomgående nokså lite til. Sammenholdt med de interesser som skal ivaretas gjennom reglene om konsekvensutredning, og den komplekse utredningsprosessen det der legges opp til, vil veien frem til ugyldighet derfor kunne være kort når saksbehandlingsfeilen består i manglende eller mangelfull konsekvensutredning. Men noen automatikk er det ikke tale om. Og det er etter mitt syn heller ikke rom for en alminnelig presumsjon for innvirkning, slik de ankende parter har tatt til orde for. En slik presumsjon ville representere en ugrunnet stor vektning av form fremfor innhold. Det kan ikke tas for gitt at de hensyn og interesser som skal ivaretas gjennom reglene for konsekvensutredning, i en konkret sak ikke også kan ivaretas innenfor rammene av en ordinær planbehandling. I forhold til innvirkningskriteriet må man etter mitt syn derfor gå konkret til verks, og knytte undersøkelsen til de enkelte påberopte avvik fra den saksbehandlingen som skulle ha vært fulgt dersom det var gjennomført konsekvensutredning i den aktuelle saken.»

Det er mot denne bakgrunn retten vil vurdere saksøkjjar sine anførslar om mangelfullt kunnskapsgrunnlag og manglende grunngeving, og spørsmålet om verknaden av eventuelle feil. Retten vil i det vidare vurdere dei feil som Nei til Vindkraftverk på Haramsøy meiner hefter ved det enkelte vedtak.

3. NVE sitt konsesjonsvedtak av 24. juni 2008

3.1. *Vindressursar*

Spørsmålet er om det i vedtaket av 24. juni 2008 var forsvarleg av NVE å legge til grunn at det var «*svært gode vindforhold*» i området, ut frå det kunnskapsgrunnlaget som låg føre på vedtakstidspunktet.

Retten har kome til at det var forsvarleg av NVE å leggje til grunn at det mest sannsynleg var svært gode vindressursar i området på vedtakstidspunktet i 2008, og vil grunngjeve dette i det vidare.

Ved vurderinga har retten for det første lagt vekt på opplysingane om utførte vindmålingar i søknaden til Haram Kraft AS, av 1. november 2004 punkt 5.1, der det går fram at:

«Det er utført vindmålinger to steder i planområdet, Ullahornet og Nova. På Ullahornet er det målt vindhastighet i tre høyder (20,31 og 32m over bakken), og det er målt vindretning i to høyder (20 og 32m over bakken). På Nova er det målt vindhastighet 19 og 20m over bakken, og vindretning 20m over bakken. Masta på Ullahornet har registrert data fra september 1998 til mars 2001. Masta på Nova har registrert data fra juni 2000 til mars 2001.

For å kunne beregne forventede vindressurser i vindkraftområdet er måleresultatene sammenlignet med data fra Ona. Meteorologisk institutt har utført vindmålinger her i en årrekke. Med de siste 10 års data fra Ona brukt som referanse er det beregnet forventet årsmiddelvind, retningsfordeling og månedsfordeling.

(...)

Ved hjelp av vindmålingene og vindfeltmodeller er det utarbeidet et vindkart over området. Figur 6 viser at vindressursene på de to plataene er gode. Forventet gjennomsnittlig vindhastighet for hele vindparken er beregnet til 8,7 m/ s .»

Søknaden viser at det er gjennomført vindmålingar i det forventa planområdet, men ikkje i produksjonshøgde (80 meters høgde eller meir). I tillegg er det ved hjelp av vindfeltmodellar utarbeida eit vindkart som viser forventa vindressursar.

Retten har vidare lagt vekt på at NVE har gjort ei vurdering av dei utførte målingane, og supplert kunnskapsgrunnlaget med si eiga kartlegging av vindressursar i området. Det vert konkludert med at Haram Kraft AS sine utrekningar stemmer godt overeins med NVE si kartlegging, jf. vedtaket punkt 7.3 om vindforhold og produksjon. I tillegg er det motteke tilleggsinformasjon om utrekningar knytt til turbulensintensitet. Retten viser til at det her går fram av vedtaket, at:

«Dette stemmer godt overens med NVEs kartlegging av vindressursene i området. I NVEs vindatlas (www.nve.no/vindatlas) antas middelvinden i området å være 8-9 m/s i 50 meters høyde. Tiltakshaver opplyser i e-post av 23.5.08 at turbulensintensiteten på Haramsfjellet er

beregnet til 13,3 % i navhøyde ved 15 m/s. Tiltakshaver sier at det er utført beregninger for flere turbintyper og at det ikke har framkommet informasjon om at turbulensintensiteten er for høy. Dersom den installerte effekten i Haram vindkraftverk blir på 66 MW, forventer tiltakshaver at vindkraftverket årlig vil kunne produsere 225 GWh. Dette forutsetter en årlig brukstid på merkeeffekt på 3400 timer.»

Saksøklar har vist til Miljødirektoratet sin rapport av 20. oktober 2015, der det er gått inn for ei innstramming når det gjeld dokumentasjon av vindforhold i konsesjonssøknaden. Innstramminga går ut på at målingar bør skje i produksjonshøgde i samband med konsesjonssøknaden, alternativt ved bruk av vindmodellering med påviselig likeverdige eller betre resultat. Miljødirektoratet sin rapport viser elles til at det berre var to av 15 gjennomgatte prosjekt som hadde målt vind i produksjonshøgde (80 meter eller høgare). For fem av prosjekta som direktoratet gjekk gjennom var det ikkje utført eigne vindmålingar. Sjølv om innstramming av vindmålingar i samband med konsesjonssøknader har gode grunnar føre seg, meiner retten at det ikkje kan leggast særleg vekt på dette ved spørsmålet av om saka i 2008 var forsvarleg opplyst.

Retten meiner derimot at det er grunn til å legge meir vekt på at Haram Kraft AS utførte vindmålingar i samsvar med praksis på vedtakstidspunktet i 2008. Retten viser til at det følgde av det dåverande Miljøverndepartementet og Olje- og Energidepartementet sine retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftverk frå 2007 punkt 2.2, at:

"Norge har i europeisk målestokk meget gode vindressurser, og spesielt langs norskekysten har man generelt gode vindforhold. Terrenget på mange av lokalitetene i Norge er imidlertid betydelig mer kupert enn for vindkraftanleggene i de fleste andre land med vindkraftproduksjon i Europa. En gunstig detaljplassering av vindturbinene er derfor svært avgjørende både for energiproduksjonen til vindparken og for belastningene på vindturbinene og dermed deres levetid. For å oppnå optimal utnyttelse av et område må det normalt gjøres omfattende vindmålinger og simuleringer. Et vindatlas finnes tilgjengelig på NVEshjemmesider:

http://www.nve.no/modules/module_109/publisher_view_product.asp?iEntityId=89.

Det presiseres at NVE's vindressurskart kun dekker kysten og at dette kun er en grov kartlegging der det er usikkerhet knyttet til resultatene. Detaljerte målinger forestås av utbygger i forbindelse med konsesjonssøknad, og følges eventuelt opp med ytterligere målinger etter eventuell konsesjon for å oppnå gunstig plassering av enkeltturbiner.

Endringer i teknologi, kostnader, kraftpriser og andre rammevilkår vil påvirke hvilke vindforhold som er nødvendig for at utbygging av vindkraft skal kunne forsvares økonomisk."

Praksis knytt til vindmålingar på vedtakstidspunktet var altså at detaljerte målingar vart gjort av utbygger i samband med konsesjonssøknad, for deretter å følgjast opp med ytterlegare målingar etter konsesjonen er gitt. Det synast derimot ikkje å ha vore noko krav

om at detaljerte vindmålingar for den enkelte turbinplassering skulle ligge føre allereie på vedtaksstadiet eller at målingane skulle gjerast i 80-meters høgde. Retten forstod også forklaringa til Ankile i Haram Kraft AS som at det ikkje var vanleg å gjere målingar i 80-meters høgde i samband med konsesjonssøknad, og at det heller ikkje var noko eigna modellverktøy for dette på søknadstidspunktet. Retten viser vidare til at Haram Kraft AS har utført målingar ut over kva som vart gjort ved andre vindkraftssøknader, jf. det over siterte frå departementet sin rettleiar frå 2007 og Miljødirektoratet sin rapport av 20. oktober 2015. Dette vert også støtta av vitneforklaringa til Arne Olsen i NVE.

Haram Kraft AS utførte meir detaljerte målingar i etterkant av vedtakstidspunktet frå ei 80 meter høg mast på Haramsfjellet. Retten viser her til brev av 26. desember 2012 til NVE, der Haram Kraft AS opplyser at svært høg ekstremvind samt utfordrande turbulensforhold legg avgrensingar på utnyttinga av området. Retten forstod forklaringa til Ankile i Haram Kraft AS slik at deler av bakgrunnen for at turbinleverandørar meinte at vindforholda var utfordrande skuldast at målingane var prega av ekstremvær, som mellom anna «*Dagmar*». Vidare vart det forklart at dyr nettløysing og manglande Enova-støtte var ein del av bakgrunnen for at det ikkje ville vere lønsamt å realisere kraftverket i samsvar med den maksimale ramma. Retten finn ikkje at dei etterfølgjande målingane i perioden 2011/2012 inneber at avgjerslegrunnlaget vindforholda på vedtakstidspunktet har vore uforsvarleg.

Retten legg også vekt på at det i dag ikkje er haldepunkt for at det faktisk ikkje er tilstrekkeleg gode vindressursar i planområdet på Haramsøy. Det er i samband med seinare konsesjonsvedtak gjennomført målingar i 80-meters høgde, som stadfestar at kunnskapsgrunnlaget i relasjon til vindressursar er tilstrekkeleg.

Retten meiner etter dette at saka på tidspunktet for NVE sitt vedtak i 2008 var så godt opplyst som mogeleg når det gjaldt vindressursar, jf. forvaltningslova § 17 og at vedtaket heller ikkje bygg på eit feil faktisk grunnlag.

3.2. Fugl

Spørsmålet retten skal ta stilling til er om NVE sitt kunnskapsgrunnlag om fugl, herunder trekkruiter, var forsvarleg på vedtakstidspunktet den 24. juni 2008.

Retten har kome til at NVE sitt kunnskapsgrunnlag om fugl, herunder trekkruiter, var forsvarleg på vedtakstidspunktet, og vil grunngjeve dette i det følgjande.

I vurderinga av om kunnskapsgrunnlaget har vore mangelfullt, har retten lagt vekt på at det ikkje er sannsyneleggjort at Haram Kraft AS ikkje har oppfylt utgreiingsprogrammet i forhold til fugl. Retten viser til at det av utgreiingsprogrammet frå 2003 punkt 4 går fram, at:

- «Det skal gis en kortfattet og generell beskrivelse av fuglefaunaen i området. Det skal gis en kort beskrivelse av kjente trekkorridorer i området.
- Det skal gis en oversikt over sjeldne, truede eller sårbare arter innenfor planområdet (herunder også vei- og kraftledningstraséene, samt deres biotoper og kjente trekkveier.
- Det skal gjøres en vurdering av hvordan tiltaket (herunder vei og kraftledning) kan påvirke sjeldne, truede eller sårbare arter gjennom forstyrrelser (støy, bevegelse, økt ferdsel med mer), kollisjoner og forringet leveområde (nedbygging). Vurderingene skal gjøres både for anleggs- og driftsfasen.
- Eventuelle avbøtende tiltak som kan redusere eventuelle konflikter mellom tiltaket og fugl skal vurderes.

Fremgangsmåte

Utredningen skal gjøres ved bruk av eksisterende informasjon, eventuelt feltbefaring og kontakt med regionale og lokale myndigheter og organisasjoner.»

Retten meiner at det følger av det ovannemnte at det i forhold til fuglefaunaen skal gis ei kort skildring av «kjente trekkorridorer» i området og at det i forhold til sjeldne, trugande eller sårbare artar skal gis ei oversikt over «kjente trekkveier» innanfor planområdet. Framgangsmåten for utgreiinga er bestemt til å gjerast ved bruk av eksisterande informasjon, eventuelt feltundersøkingar og kontakt med regionale og lokale myndigheiter og organisasjonar.

Retten meiner det ligg i dette at det ikkje er stilt noko krav om feltundersøkingar for å oppdage eventuelle ukjente trekkorridorar og trekkvegar. Follestad i NINA har gjennomførte førundersøkinga av fugl på Haramsøy i samband med vindkraftprosjektet. Retten oppfatta hans forklaring under forhandlingane som at kartlegging av trekkruiter langt kysten er eit svært omfattande arbeid, og at det tidlegare ikkje har vore gode hjelpemiddel for dette. Retten kan difor heller ikkje sjå at var rimeleg grunn til å stille krav om ny forskning på området før det vart treft vedtak, for at saka skal vere så godt opplyst som mogeleg.

Retten har også lagt vekt på at det i konsekvensutgreiinga frå Haram Kraft AS er gjort ei systematisering av eldre data om fugl, samt innhenta supplerande opplysingar frå Norsk Ornitologisk Foreining («NOF») avd. Møre og Romsdal, og det går mellom anna fram av punkt 8.5.3, at:

«Begge øyene har et rikt fugleliv med et stort artsantall. Mange av disse artene er i hovedsak knyttet til sjøområdene eller til strand- og lavlandsområdene og det er lite sannsynlig at de blir påvirket av de planlagte vindparkene på fjellplatåene. Det rike og varierte fuglelivet med flere kolonier av ulike sjøfuglarter har imidlertid også gitt

levegrunnlag for flere rødlistede rovfugler og ugler, først og fremst havørn, vandrefalk og hubro. Se Tabell 7. Rødlistekategori og antall hekkende par av de fuglearter som vurderes som mest sårbare ved vindkraftutbygging på Haramsøya og Flemsøya.

Tabell 7. Rødlistekategori og antall hekkende par av de fuglearter som vurderes som mest sårbare ved vindkraftutbygging på Haramsøya og Flemsøya

Arter	Rødlistekategori							Harams- fjellet	Flems- fjellet
	E	V	R	DC	DM	AH	AV		
Toppskarv						X	X	70	40
Havørn				X		X		2	1
Vandrefalk		X						2	3+
Hubro		X						(1)	1+

E=direkte truet V=sårbar R=sjelden DC=hensynskrevende DM=bør overvåkes
AH=uropeisk ansvarsart hekking AV=uropeisk ansvarsart vinter

Disse artene vil være mer utsatt ved en vindkraftutbygging. På Haramsøy hekker toppskarv i hamrene og urene i vest på strekningen StavnesetNova. I 2002 ble det talt rundt 70 hekkende par. Hekkebestanden på Haramsøya var betydelig større på 1960-tallet, men bestanden gikk kraftig ned på 1970-tallet og er nå i ferd med å ta seg opp igjen. Havørn har tidligere hekket i fjellside nord på Haramsøy, men det har ikke vært registrert vellykket hekking siden 1976. Vandrefalk hekker periodevis i Ullahornet og i fjellet ved Haram.

På Flemsøy hekker også toppskarv i Husfjellet og tidligere var det store kolonier rundt Sakshammaren. Havørn har tradisjonelt hatt hekkeplasser i Skulen. Både i 2002 og 2003 var det mislykket hekking på to av disse reirplassene. Vandrefalk hekker på Flemsøy årvisst med minst to par på nordsida av Flemsøy og enkelte år også på sørsida av øya. Hubro har også vært fast hekkefugl fra gammelt av på øya.»

Det kom inn ei rekkje høyringsuttalar til konsekvensutgreiinga. I forhold til kunnskapsgrunnlaget for fugl er særleg uttale NOF av betydning, og uttalen supplerer saka si opplysning. I uttalen frå NOF vert det gitt ytterlegare opplysingar om fugl samt påpeika at negative konsekvensar for fugletrekket er stor. Også vitneforklaring frå Olsen i NVE støttar at uttalane frå NOF har gitt konsesjonsmakta eit utfyllande og godt kunnskapsgrunnlag når det gjeld fugl.

I forhold til kor omfattande undersøkingar som bør gjerast for å opplyse saka meiner retten at det også er av betydning at Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren gav prosjektet samla karakter C («*middels konflikt*») for miljø og kulturminner, under føresetnad om at alternativet med 17 vindturbinar og turbinstorleik opp til 4,5 MW vart vald. Det vil etter retten sitt syn vere rimeleg å krevje meir omfattande undersøkingar til alvorlegare konfliktnivå som ligg føre.

Retten har vidare lagt vekt på at NVE i bakgrunn for vedtak i 2008 punkt 7.9.2 har trekt fram innspel om at vindkraftverket sin negative konsekvens for fugletrekket er stor. Det er i vedtaket til NVE også vist til undersøkingar frå utlandet, forskning i Noreg, opplysingane frå konsekvensutgreiinga som er utført av NINA i samarbeid med NOF avd Møre og

Romsdal og innspel frå høyringsrunden. I OED sitt stadfestingsvedtak frå 2009 er også det generelle trekket langs kysten som er skildra av NOF, trekt fram på side 4. Departementet konstaterer at kystområda i Møre og Romsdal har stor betydning for sjøfugl og særleg for vår- og hausttrekka langs kysten.

OED har i sitt klagevedtak i 2009 vidare påpeika at Direktoratet for naturforvaltning i relasjon til naturreservatet «*Haramsøya vestsida*» har vist til at det går eit viktig trekkområde gjennom området og at konsekvensane av vindkraftverket på trekket må følgjast opp. Retten har også lagt vekt på forklaringa til Taksdal i OED om at nærleiken til naturreservatet på Haramsøya si vestsida som vart oppretta i 2010, gjer at kunnskapsgrunnlaget om fugl i denne saka er betre enn normalt.

Vurderingane til både NVE i 2008 og OED i 2009 bygg på at vindturbinane kan innebere kollisjonsfare og gi forstyrningar for fugl på Haramsøy. I godkjenning av MTA- og detaljplan har derimot NVE sett vilkår om miljøoppfølgingsprogram og etterundersøking for fugl som avbøtande tiltak. OED har vidare sett som vilkår ved godkjenning av MTA og detaljplan at Haram Kraft AS justerer turbin 1 lenger inn på plataet, og lengre vekk frå fuglereservatet.

Retten kan ikkje sjå at det er ein mangel ved kunnskapsgrunnlaget at trekkruiter ikkje er kartlagt før vedtakstidspunktet. Retten viser til at det verken på vedtakstidspunktet eller i dag har tilkomme faktiske forhold som talar for at det var slike kjente trekkruiter i planområdet på vedtakstidspunktet. På bakgrunn av innspela i høyringsrunden og klageomgangen om fugletrekk og konsekvensane i den samanheng, er opplysingar om trekkruiter i alle tilfelle kome fram under konsesjonsmyndigheitene si behandling.

Retten meiner at konsesjonsmyndigheitene gjennom saksbehandlinga har avdekket risikofaktorar og angitt moglege skadefølgjer når det gjeld fugl. Det dreier seg her om prognoser som vil vere forbunden med usikkerheit, og der det er gjort ei forsvarleg innhenting av kunnskap. Konsesjonsmyndigheitene har vore klar over at det kan oppstå negative konsekvensar for fuglelivet i området, men likevel funne grunn til å gi konsesjon.

Retten meiner at kunnskapsgrunnlaget når det gjeld fugl, herunder trekkruiter, ikkje er mangelfullt i den forstand at dette er å rekne som ein saksbehandlingsfeil eller at det ligg føre feil faktum.

3.3. Flaggermus

Spørsmålet retten skal ta stilling til er om NVE sitt kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet, herunder flaggermus, var forsvarleg på vedtakstidspunktet den 24. juni 2008.

Retten har kome til at NVE sitt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald, herunder flaggermus, var forsvarleg på vedtakstidspunktet og vil grunngjeve dette i det følgjande.

Det følgjer av utgreiingsprogrammet punkt 5 at det skal gis ei kort skildring av dyrelivet i planområdet. Når det gjeld framgangsmåte heiter det at også denne skal byggje på eksisterande dokumentasjon, eventuelt feltundersøking og kontakt med lokalbefolkning, lokale og regionale myndigheiter og organisasjonar. Retten meiner at det ut frå dette ikkje er stilt krav om ny forskning på området, og viser til det som er gjort greie for i relasjon til trekkruiter i punkt 3.2.

NVE har i vedtaket av 2008 vist til at øyene har bestandar av flaggermus, men at desse ikkje er artsbestemt. Det er elles konstatert at *«vindkraftverket kan påvirke dyrelivet i området negativt ved økt aktivitet og forstyrrelse»*.

Saksøklar har lagt fram ein avisartikkel og ein e-post der det går fram at det for tida pågår ei undersøking i regi av Biometrika AS der ultralydloggarar over ei periode på to år skal *«lytte»* og registrere flaggermus i sommarhalvåret på Haramsøya. Det går vidare fram av artikkelen at sjølv om det fins flaggermus i området, så betyr ikkje det nødvendigvis at dei kjem i konflikt med vindturbinane. Det går også fram at det til no påvist minst fire artar, der trollflaggermus er raudlista. Retten meiner at det i denne samanheng må verte lagt vekt på at det ikkje er tilkome nye fakta som talar for at flaggermus vil kome i konflikt med vindkraftverket, eller at det er raudlista flaggermus i sjølve planområdet.

Dei funn som er gjort av Biometrika AS inneber etter retten sitt syn difor ikkje at kunnskapsgrunnlaget var mangelfullt på vedtakstidspunktet. Retten viser her særleg til at det på vedtakstidspunktet er teke høgde for at vindkraftverket kan påverke naturmangfaldet negativt, og at det ikkje ligg føre opplysingar frå Biometrika AS som gjer at kunnskapsgrunnlaget for denne vurderinga framstår som mangelfull.

Retten legg også vekt på at det i NVE si vurdering av MTA- og detaljplan i august 2019 er lagt til grunn opplysingar om at det er registrert trollflaggermus på Flemsøy, samt teke høgde for at vindkraftverket kan ha negativ påverknad på eventuelle trugande artar av flaggermus på Haramsøya:

«NVE er kjent med at internasjonal forskning viser at vindkraftverk kan ha virkningar for flaggermus. I følge Miljødirektoratet er det de ulike flaggermusenes atferd i forbindelse med næringsøk og trekk som er avgjørende for, om, og i hvilken grad det oppstår konflikter med vindkraftverk. Spesielt utsatt er flaggermus som jakter på trekkende eller drivende insekter som ved visse forhold lager svermer under navet/generatorhuset på vindturbinen. Utenlandske studier viser økt dødelighet for flaggermus i vindkraftverk på seinsommeren, når de beveger seg over større områder, i høyere luftdrag og gjennom høsttrekket.

NVE har ikke opplysninger om at det er registrert forekomster av truede arter av flaggermus på Haramsøy, men som nevnt over er trollflaggermus registrert på Flemsøy og NOF antar at nordflaggermus er den dominerende arten langs ytterkysten i regionen. Den endrede utbyggingsløsningen med halvparten så mange turbiner, vil etter vår vurdering medføre reduserte virkninger for flaggermus dersom truede arter forekommer på Haramsøy.»

Det er elles lagt til grunn i OED si vurdering i mars 2020 etter klage på godkjenning av MTA- og detaljplan, at kunnskapen om viktige funksjonsområdet for flaggermus frå norske vindkraftverk kan synast mangelfull. Departementet har elles slutta seg til NVE si vurdering, samt vilkår om søk etter døde flaggermus og mogelegheita for å krevje avbøtande tiltak.

Retten legg vekt på at konsesjonsmyndighetene har avdekkja risikofaktorar knytt til flaggermus, og vist til mogelege skadefølgjer, samt lagt til rette for forsvarleg oppfølging. I likskap med fugl, er det også her tale om vurdering av prognoser som er usikre, men prognosane, slik desse var på vedtakstidspunktet i 2008 og fram til i dag, framstår etter retten sitt syn som forsvarlege.

Retten meiner at kunnskapsgrunnlaget når det gjeld flaggermus ikkje er mangelfullt i den forstand at dette er å rekne som ein saksbehandlingsfeil eller at det ligg føre feil faktum.

3.4. Manglande utgreiing av det konsesjonsgitte tiltaket, alternativ 3

Spørsmålet retten skal ta stilling til er om NVE sitt kunnskapsgrunnlag om alternativ 3 var forsvarleg på vedtakstidspunktet, den 24. juni 2008.

Retten har kome til at NVE sitt kunnskapsgrunnlag når det gjeld alternativ 3 var forsvarleg på vedtakstidspunktet, og vil grunngjeve dette i det vidare.

Haram Kraft AS søkte opphavelig om eit vindkraftprosjekt som bestod av 19 turbinar på Haramsfjellet og 5 turbinar på Flemsøya.

I tilleggssøknad av 12. september 2005 gjorde Haram Kraft AS greie for tre alternative modellar for utbygging av vindkraftverket. Alternativ 1 bestod av 21 turbinar berre på Haramsøya, alternativ 2 bestod av 17 turbinar på Haramsøya og 4 på Flemsøya, medan alternativ 3 bestod av 16-17 turbinar berre på Haramsøya, men då med høgare turbinyting (4,5 MW per turbin) og større vingediameter (inntil 120 meter).

Når det gjeld utgreiing av ulike alternativ viser retten til Rt. 1982 s. 241 (Alta-saka) på side 267, der det går fram at:

«Det må vidare være klart at søkeren ikke har noen lovbestemt plikt til å foreta særskilt utredning av hvert mulig alternativ som konsesjonsmyndighetene måtte komme til å bestemme

seg for. Det kan heller ikke være nødvendig at et nytt alternativ må ut på ny høringsrunde, iallfall ikke når det nye alternativ er mindre vidtrekkende, og de opplysninger og utredninger som foreligger, etter en rimelig forståelse også dekker det mindre alternativ. Det ligger i selve systemet for behandlingen av saker om vassdragsregulering at NVEs hovedstyre, departementet og Stortinget må kunne foreta begrensninger i det forslag til regulering som søkeren har tatt sikte på.»

Retten meiner det må leggest stor vekt på at alternativ 3 framstår som mindre omfattande enn dei øvrige alternativa, sjølv om det vert lagt til grunn ein turbintype på 4,5 MW og ein vingediameter på 120 m. Retten meiner difor at dei opplysningane og utgreiingane som ligg føre etter ei rimeleg forståing også dekkjer alternativ 3 i denne saka. I denne samanheng legg retten også vekt på at alternativ 3 var gjenstand for høyring. Retten forstår også NVE sine vurderingar av utgreiinga i vedtaket av 2008 som at ein legg til grunn at alternativ 3 er som alternativ 1, men då med mindre naturinngrep.

Retten meiner etter dette at det ikkje er haldepunkt for at alternativ 3 er mangelfullt utgreia, herunder at saka på dette punkt ikkje er så godt opplyst som mogeleg, jf. forvaltingslova § 17.

4. OED sitt stadfestingsvedtak av 14. desember 2009

Saksøklar har vist til at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 og 9 i dette vedtaket er vurdert feil. Anførselen går etter retten sitt syn i realiteten ut på at ein meiner at prinsippa er feil vektlagt.

Det følgjer av naturmangfaldlova § 7 første punktum at prinsippa i §§ 8 til 12 har verknad som retningslinjer. Retten viser til at det i førearbeida (Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) s. 103) er uttala at prinsippa ikkje har direkte verknad på ein slik måte at dei kan verte handheva gjennom rettssystemet:

«Prinsippene har ikke direkte virkning på en slik måte at de kan håndheves gjennom rettssystemet. Mener man at et eller flere av prinsippene ikke er vektlagt i tilstrekkelig grad, må en eventuell sak anlegges med grunnlag i den konkrete beslutningen som er tatt. Anvendelsen av prinsippet må da vurderes i lys av det øvrige grunnlaget for beslutningen, f.eks. hensyn som den aktuelle lov som beslutningen bygger på, trekker frem. Det vil også kreves rettslig interesse i forhold til den type beslutning som er tatt.»

Retten viser vidare til at det går fram av Backer, Naturfangfoldloven 2009 s. 85, at prinsippa:

«... ikke determinerer et bestemt innhold av de avgjørelser som forvaltningen treffer, men de utgjør hensyn eller betraktningmåter som forvaltningen er pliktige til å anvende.»

Retten kan difor ikkje statuere ugyldigheit som følgje av at prinsippa ikkje er vektlagt i tilstrekkeleg grad.

Retten forstår etter dette Nei til vindkraftverk på Haramsøy slik at ein meiner at vedtaket av 14. desember 2009 er bygd på mangelfullt kunnskapsgrunnlag når det gjeld fugl jf. forvaltningslova § 17 jf. naturmangfaldlova § 8, samt at vedtaket manglar grunngeving i forhold til prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 og 9, jf. § 7.

Retten meiner at det ikkje er godtgjort at vedtaket til OED bygg på eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag når det gjeld fugl etter naturmangfaldlova § 8.

Det følgjer av naturmangfaldlova § 8, at:

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.»

Det følgjer av Backer, Naturmangfoldloven 1. utgave s. 89, at konsekvensutgreiingar er eit særskilt verkemiddel til å få fram eit kunnskapsgrunnlag som oppfyller krava i § 8. Vidare går det fram på s. 91, at:

«Kravet om vitenskapelig kunnskap sikter til objektiv og etterprøvable kunnskap og knytter seg primært til allerede foreliggende kunnskap.»

Det ligg i dette at naturmangfaldlova § 8 ikkje stiller noko krav om ny grunnforskning. Føresegna stiller heller ikkje krav til ein tiltakshavar om å skaffe totaloversikt over artar og naturtypar som avgjerda *kan* påverke, jf. Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) s. 380.

Retten meiner etter dette at det er tilstrekkeleg å vise til det som går fram i punkt 3 når det gjeld utgreiingsprogrammet og kunnskapsgrunnlaget. OED stadfesta i 2009 NVE sitt vedtak. Det er difor etter retten sitt syn ikkje sannsyneleggjort at vedtaket til OED bygg på eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag når det gjeld fugl etter naturmangfaldlova § 8.

Retten meiner at det heller ikkje ligg føre manglande grunngeving etter naturmangfaldlova §§ 8 og 9 jf. § 7.

Når det gjeld anførselen om manglande grunngeving viser retten til at det går fram av vedtaket s. 4-5 vedkomande fugl, at:

«Av naturmangfoldloven § 8 fremgår at beslutninger som berører naturmangfoldet så

langt det er rimelig skal bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger.

Konsekvensutredningene for tiltaket- inkludert utredning om fugl- er gjennomført i tråd med de krav som stilles i plan og bygningslovens forskrift om konsekvensutredninger. NVE har i tråd med forskriften kommet til at utredningsplikten er oppfylt og godkjent konsekvensutredningene. Etter departementets vurdering foreligger et tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag til å fatte vedtak i saken her. På bakgrunn av mulig konflikt med sjøfugl, trekkfugl og usikkerhet rundt sumvirkninger med Havsul 1, jf. føre-var-prinsippet og prinsippet om økosystemtilnærming og samlet belastning i naturmangfoldloven §§ 9 og 10, har departementet satt vilkår om et miljøoppfølgingsprogram.

Selv om vindkraftverket kan få negative konsekvenser for fuglelivet i området, kan departementet etter å ha vurdert tiltaket opp mot andre viktige samfunnsinteresser ikke se at ulempene for fugl kan være avgjørende for vedtaket om å gi konsesjon. Vilkår om et miljøoppfølgingsprogram, herunder før- og etterundersøkelser, gir hjemmel for å pålegge ytterligere undersøkelser knyttet til fugl og eventuelt pålegg om avbøtende tiltak. Miljøoppfølgingsprogrammet skal ta sikte på å fremskaffe mer kunnskap, slik at man i tråd med prinsippet om økosystemtilnærming og samlet belastning samt føre-varprinsippet i naturmangfoldloven eventuelt kan pålegge avbøtende tiltak.

Miljøoppfølgingsprogrammet skal utarbeides i samråd med miljømyndighetene og bør ses i sammenheng med miljøovervåkingsprogrammet for Havsul I vindkraftverk.»

Retten har lagt vekt på at grunngevinga nemner dei faktiske forhold som vedtaket bygg på i relasjon til fugl, og til tidlegare framstilling av fakta som for eksempel konsekvensutgreiinga. Usikkerheit om mogelege verknader er identifisert og skildra. Departementet har tillagt miljøverknadane vekt i vurderinga, og nemner retningslinjene etter naturmangfaldlova og viser korleis dei er tillagt vekt. Departementet har også vurdert mogelegheitene for å redusere ulempene gjennom avbøtande tiltak, og sett vilkår om slike, jf. naturmangfaldlova § 9.

Departementet har på nytt, i samband med klage på godkjenning av MTA- og detaljplan, konkludert med at kunnskapsgrunnlaget var tilstrekkeleg til å treffe vedtak, jf. naturmangfaldlova § 8. Haram Kraft AS vart ved dette vedtaket pålagt å trekke turbinane ytterlegare vekk frå fuglefjellet, under omsyn til fuglelivet. I tillegg har NVE sett vilkår om byggerestriksjonar i hekketida, samt krav om overvaking av endringar i hekkebestand og hekkesuksess for vandrefalk, havørn, hubro og toppskarv.

Retten meiner etter dette at det ikkje er godtgjort at vedtaket av 14. desember 2009 manglar grunngeving i forhold til naturmangfaldet jf. naturmangfaldlova §§ 8 og 9 jf. § 7.

Når det gjeld anførslar knytt til naturmangfaldlova § 49, kjem retten tilbake til desse under punkt 7.2.

5. Anleggskonsesjon av 7. august 2012

5.1. *Behandling av søknad om utsett frist for idriftsetting og forlenging av konsesjon*

Spørsmålet i det vidare er om det ligg føre ein saksbehandlingsfeil ved at Haram Kraft AS sin søknad om utsett frist for idriftsetting og endring av perioden for konsesjonen si varigheit, ikkje vart kunngjort, lagt ut til gjennomsyn eller sendt på høyring, før vedtak av 7. august 2012, jf. energilova § 2-1.

Retten har kome til at dette ikkje er noko saksbehandlingsfeil, og vil grunngjeve det nærmare i det vidare.

Søknad om fristutsetting skal behandlast etter energilova § 10-4 andre ledd, der det er bestemt at «*[b]estemmelsene i § 2-1 får anvendelse så langt de passer*». Søknad om forlenga konsesjon vert behandla etter energilova § 3-1 jf. § 2-1.

Det følgjer av energilova § 2-1 femte til sjuande ledd at søknad om konsesjon skal leggst ut til gjennomsyn, kunngjering og høyring, men at dette kan unnlatast dersom det er «*ubetenkelig*». I førearbeida (Ot. Prp. nr. 43 1989-1190 s. 86) er det i relasjon til kva som er å rekne for «*ubetenkelig*» uttala, at:

«Utleggelse og kunngjøring bør ikke omfatte mindre saker som f.eks. kabelanlegg og utvidelse eller endring av bestående anlegg som er uten betydning for allmennhetens interesser og som ikke medfører større inngrep»

NVE har fram til 2019 hatt ein praksis med å ikkje legge søknader om utsett frist for idriftsetting og endring av varigheit ut til gjennomsyn, kunngjering og høyring, i lys av at dette vart rekna som ubetenkeleg. Praksisen har deretter blitt endra på dette punkt, ei endring som i følgje forklaringa til Olsen i NVE tok til i 2019.

Det følgjer vidare av St. meld. 25 (2015-2016) punkt 15.3.1, at vindkraftkonsesjonar legg band på store areal i dei kommunane dei er lokalisert i, og kan skape lokal konflikt. Etter det retten forstår er dette ein del av grunngjevinga for kvifor praksis knytt til behandlinga vart endra.

Retten har ved vurderinga særleg lagt vekt på varigheita av fristforlenginga. Den korte varigheita på 1,5 år inneber i seg sjølv at det var tale om mindre endringar som var utan betydning for ålmennheita sine interesser. Retten har også lagt vekt på at nærleiken til konsesjonsbehandlinga i 2009, gjer at fristforlenginga synast «*ubetenkelig*».

I vurderinga legg retten også vekt på at lokale og regionale myndigheiter og grunneigarar/rettigheitshavarar fekk tilsendt vedtaket og var gitt moglegheit til å klage,

utan at vedtaket vart påklaga. Retten legg også ei viss vekt på at ålmenneita vart informert om fristutsettinga gjennom avisartikkel i Sunnmørsposten den 21. august 2012.

Retten kan heller ikkje sjå at saksøklar har vist til noko informasjon som ville ha kome fram dersom søknaden hadde vore underlagt høyring, og korleis slik informasjon eventuelt kunne ha verka inn på vedtaket.

Etter retten sitt syn var det «ubetenkelig» å unnlata å legge søknaden ut til gjennomsyn, kunngjering og høyring i samsvar med energilova § 2-1 femte til sjuande ledd. Det ligg difor ikkje føre nokon saksbehandlingsfeil.

5.2. Konesjonen si varigheit

Spørsmålet retten skal ta stilling til er om varigheita til Haram Kraft AS sin konsesjon manglar heimel i energilova. Retten har kome til at varigheita til Haram Kraft AS sin konsesjon ikkje manglar heimel.

Retten viser først til at det følgjer av energilova § 2-2 andre ledd, at:

«Konesjon etter kap. 3, 4 og 5 gis for et begrenset tidsrom av inntil 30 år regnet fra da konsesjonen ble gitt.»

Det synast ikkje å vere usemje om at ordlyden, i alle fall isolert sett, må forståast slik at konsesjonen si varigheit vert rekna frå tidspunktet for konsesjonsvedtaket. Retten legg ved vurderinga vekt på at ordlyden i seg sjølv ikkje inneheld noko avklaring på om varigheita kan reknast frå eit seinare tidspunkt, herunder at konsesjonsmakta treff nytt vedtak om varigheita jf. energilova § 3-1 jf. § 2-1.

Ved tolkinga av energilova § 2-2 andre ledd meiner retten at det må verte lagt stor vekt på bakgrunnen for at konsesjonar er gitt ei avgrensa varigheit, slik dette er skildra i førearbeida (Ot.prp. nr. 43 1989-1990):

«Departementet viser til at 30 år er antatt gjennomsnittlig levetid teknisk og økonomisk for elektriske anlegg og fjernvarmeanlegg.»

Det sentrale føremålet med å avgrense konsesjonen si varigheit til 30 år er altså å tilpasse konsesjonen til anlegget si levetid. Resultatet av ei streng ordlydsfortolking vil difor vere at konsesjonsmakta er avskoren frå å gi anlegget konsesjon ut levetida. Dette er i strid med føremålsføresegna i lova om at energilova skal sikre at produksjon av energi skal skje på ein samfunnsmessig rasjonell måte, jf. energilova § 1-2.

Når det gjeld konsesjonen si varigheit for Haram Kraft AS, er denne i anleggskonsesjon av 7. august 2012, utforma slik:

«Tillatelsen gjelder fra i dag og inntil 25 år fra det tidspunkt anlegget settes i drift, dog ikke utover 31.12.2039.»

Tilsvarende formulering går igjen i tidlegare og seinare konsesjonsvedtak for Haram Kraft AS. Konsesjonen si varigheit vert rekna frå det tidspunkt anlegget vert sett i drift. Vidare inneheld dei gitte anleggskonsesjonane ein frist for når anlegget skal setjast i drift.

I konsesjonsvedtak av 7. august 2012 er fristen for idriftsetting sett til 31. desember 2014. Konsesjonen si varigheit er seinare forlenga frå 25 til 30 år og sett til 31. desember 2051, ved NVE sitt vedtak av 30. august 2019. Frist for idriftsetting av anlegget er sett til 31. desember 2021 ved vedtak av 7. februar 2020.

Forlenginga av konsesjonstida frå 25 til 30 år ved NVE sitt vedtak av 30. august 2019 er knytt opp til ei vurdering av den teknisk-økonomiske levetida for vindkraftverket, i tråd med førearbeida si føresetnad. OED slutta seg til NVE si vurdering og grunngjeving for å forlenge konsesjonstida frå 25 til 30 år i vedtak av 24. mars 2020.

Sjølvle driftsperioden i konsesjonsvedtaket til Haram Kraft AS er med dette innanfor avgrensinga på 30 år. Haram Kraft AS sin konsesjon inneber difor ikkje noko lengre produksjonstid enn § 2-2 andre ledd gir grunnlag for.

Utgangspunktet for varigheita av anleggskonsesjonen til Haram Kraft AS er elles i tråd med konsesjonsmyndigheitene sin gjeldande praksis, slik forklart av både Olsen i NVE og Taksdal i OED. Dette synast heller ikkje omstridt av saksøkjjar. Dersom det i tida frå første konsesjonsvedtak og frist for idriftsetting gjer seg gjeldande andre eller nye omsyn, vil det vere noko konsesjonsmyndigheitene kan ta omsyn til ved vurderinga av om det skal gis utsett frist for idriftsetting og tilsvarende forskyving av konsesjonstid.

Når retten gjer ei samla vurdering, med særleg vekt på energilova § 2-2 andre ledd sitt føremål halde saman med føremålet til energilova i § 1-2, samt lengda på produksjonstida i anleggskonsesjonen til Haram Kraft AS, meiner retten at varigheita til konsesjonen ikkje manglar heimel i energilova.

6. Anleggskonsesjon av 30. januar 2014

6.1. Manglande vurdering etter energilova § 3-1 jf. § 1-2

Retten skal først ta stilling til om NVE skulle ha gjort ei ny vurdering i vedtaket av 30. januar 2014 av om eit vindkraftverk på Haramsøy er samfunnsmessig rasjonelt, jf. energilova § 3-1 jf. § 1-2, og om vedtaket difor manglar grunngjeving, jf. forvaltningslova § 25.

Retten har kome til at det ikkje er ein feil at NVE i vedtaket ikkje gjorde ei ny vurdering av om vindkraftverk på Haramsøy er samfunnsmessig rasjonelt, og vil gjere nærmare greie for det i det følgjande.

Vedtaket frå januar 2014 tok til følgje Haram Kraft AS sin søknad om konsesjonsendring i forhold til jordkabelanlegg mellom vindturbinane. Søknaden og vedtaket var med å legge til rette for at maksimal installert på 66 MW effekt ikkje kunne realiserast.

Retten kan for det første ikkje sjå at det er nokon generell hovudregel om at det skal gjerast ei ny interesseavveging energilova § 3-1 jf. § 1-2 når det vert vedteke endringar innanfor ein gitt konsesjon, slik saksøkjær gjer gjeldande. Tvert i mot synast hovudregelen å ha vore at endringar innan for eit gitt tiltak, skal skildrast i ein detaljplan. I kva grad det ligg føre så vesentlege endringar at det bør gjerast ei ny interesseavveging, bygg etter retten sitt syn på fagleg baserte vurderingar, som domstolane bør vere noko tilbakehaldne med å overprøve.

Retten meiner at det i denne samanheng må verte lagt vekt på at ordlyden i konsesjonen til Haram Kraft AS inneber at den må reknast for eit løyve med ei ytre ramme for eit tiltak med installert effekt på *inntil* 66 MW. Det følgjer vidare av konsesjonsvilkåra at endringar i tiltaket i utgangspunktet skal skje i detaljplanen, jf. anleggskonsesjonen frå 24. juni 2008 og 7. august 2012, punkt 8:

«Dersom valg av leverandør/turbinstørrelse medfører endringar av tiltaket slik det er spesifisert i anleggskonsesjonen, skal også dette fremlegges i en detaljplan.»

Ved vurderinga legg retten vidare vekt på at forvaltingspraksis elles synast å vere at det er fleksibilitet i gitte vindkraftkonsesjonar innanfor den innvilga ramma, jf. brev frå NVE om forventningar til konsesjonær ved realisering av vindkraft av 8. juni 2018. Bakgrunnen for fleksibiliteten synast å vere å sikre at konsesjonæren kan byggje eit mest mogeleg samfunnsmessig rasjonelt kraftverk innanfor den totale ramma som er gitt.

Retten legg i denne samanheng også noko vekt på at det skal mykje til for å trekkje tilbake ein konsesjon, som er ein rettighet som tiltakshavar investerer i tillit til. Dersom konsesjon er gitt på grunnlag av urette eller ufullstendige opplysingar om forhold av vesentleg betyding, kan konsesjonen verte trekt tilbake, jf. energilova § 10-3 fjerde ledd.

Retten legg også vekt på at det går igjen i dei vurderingane som er gjort av både Haram Kraft AS og konsesjonsmyndigheitene at nedskaleringa er å rekne for ei forbetring samanlikna med opprinneleg omsøkt løysing, og mindre konfliktylt. Dette får etter retten sitt syn også betyding for behandlingsmåten, og gjer det forsvarleg å henvise vurderinga av verknadane av reduksjonen til detaljplanen.

På denne bakgrunn, og særleg i lys av at søknaden om endring i jordkabelanlegget la til rette for ein reduksjon av vindkraftverket innanfor planområdet og maksimal installert effekt, kan ikkje retten sjå at det var ein feil at verknadane av reduksjonen vart henvist til vurdering i samband med behandling av detaljplanen, slik det går fram av NVE sitt vedtak av 30. januar 2014. Vedtaket er difor heller ikkje mangelfullt grunngjeve jf. forvaltningslova § 25.

Ein eventuell feil på dette punkt er etter retten sitt syn i alle tilfelle reparert i samband med NVE sitt vedtak om godkjenning av MTA/detaljplan i 2019, der det er gjort ei ny vurdering av om den endelege utbyggingsløysinga er samfunnsmessig rasjonell.

Vurderinga i MTA/detaljplanen i 2019 vart mellom anna gjort på bakgrunn av at det vart stilt spørsmål om utbyggingsløysinga sin samfunnsmessige rasjonalitet i høyringsrunden. Retten viser til at det går fram av vedtaket at NVE til tross for reduksjonen i installert effekt vurderer at fordelane ved prosjektet overstig ulempene:

«I mottatt MTA/detaljplan er antall turbiner redusert til 8 (jf. figur 1). Installert effekt er redusert fra 66 MW til 33 MW. I forbindelse med høring av MTA/detaljplan er det flere som stiller spørsmål til om forutsetningene for konsesjonen er oppfylt. De viser til at en av begrunnelsene for konsesjonen var at Haram vindkraftverk ville være et positivt bidrag for kraftsituasjonen i dette underskuddsområdet. Mange påpeker at det ikke lenger er anstrengt kraftsituasjon i Møre- og Romsdal. At installert effekt i tillegg er halvert i størrelse, gjør at høyringsinstansene stiller spørsmål til om det fortsatt er samfunnsøkonomisk rasjonelt å realisere prosjektet, strømproduksjon vs. virkninger for omgivelsene.

NVE er enig i at forsyningssikkerheten i Møre og Romsdal er forbedret siden 2008, men et vindkraftverk på Haramsøy vil likevel være positivt for forsyningssikkerheten lokalt og regionalt. Ved at installert effekt er halvert vil Haram vindkraftverk gi lavere produksjon enn det som NVE la til grunn i konsesjonen fra 2008. I vurderingen av om det er samfunnsmessig rasjonelt å realisere prosjektet ser vi på nytten av prosjektet opp imot ulempene. Til tross for at installert effekt nesten er halvert, mener vi fortsatt at fordelene ved prosjektet overstiger ulempene. Antall turbiner er halvert, arealinngrepet er blitt mindre og de valgte turbinene vil gi høyere produksjon enn de som lå til grunn for konsesjonen i 2008.»

NVE har skildra positive og negative sider ved tiltaket etter nedskaleringa som nemnt over, og elles ei rekkje andre stader i vedtaket frå august 2019. OED stadfesta NVE sitt vedtak den 24. mars 2020. Saksøkjjar sine anførslar om etablering av meir ny veg, område for arealbeslag for kranoppstillingsplassar og auke i sveipareal under 50 meter, er vidare opplysingar som var kjent for konsesjonsmakta og som difor inngjekk i dei vurderingane som vart gjort. Grunngjevinga er etter retten sitt syn tilstrekkelig for ein part til å vurdere sin eigen posisjon. Retten meiner at den endring mellom fordelar og ulemper som

saksøkjær viser til skjeddene ved nedskalering av prosjektet i 2014 med dette ikke er mangelfullt grunnlag for avkassingsmakta.

Retten forstår vidare saksøkjær som at ein meiner at saka ikke er så godt opplyst som mogleg i forhold til om prosjektet framleis var samfunnsmessig rasjonelt etter nedskaleringa, jf. energilova § 3-1 jf. § 2-1 og forvaltningslova § 17.

Retten har kome til at saka var forsvarleg opplyst i forhold til om prosjektet var samfunnsmessig rasjonelt etter nedskaleringa, og vil grunnlegge dette nærmare i det følgjande.

I forhold til om saka er forsvarleg opplyst viser retten til at dette skal vurderast ut frå det regelverket saka gjeld. Tildeling av avkassingsrett etter energilova § 3-1 skjer ut frå ei vurdering av føremålet med energilova § 1-2, der det går fram at:

«Loven skal sikre at produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi foregår på en samfunnsmessig rasjonell måte, herunder skal det tas hensyn til allmenne og private interesser som blir berørt.»

Føremålet med energilova er med dette svært vidt. Verken lova sin ordlyd eller førearbeida (jf. Ot.prp. nr. 56 (2000-2001) punkt 3.1.2.2.) inneheld ei konkret retningslinje for kva som vil vere samfunnsmessig rasjonelt, men det er lagt opp til at dette skal vurderast konkret.

Saksøkjær har vist til at det ligg føre ein betydeleg reduksjon i inntekter, og ei betydeleg auke i kostnader i forhold til den løysinga som var omsøkt, utan at dette er vurdert. Retten viser til at det ikke er tvilsamt at fokuset på den økonomiske vurderinga i vindkraftprosjekt har auka etter at vedtaka i denne saka er treft, jf. Meld. St. 28 (2019-2020), pkt. 4.71 - Vindkraft på land — Endringer i avkassingsbehandlingen. Stortingsmeldinga stiller krav til betre vurderingar av samfunnsøkonomisk lønnsomheit, og gir uttrykk for den standard ein bør ha for auge ved saksbehandlinga. Det kan difor i utgangspunktet synast som ei svakheit ved vurderinga at det ikke er innhenta nye økonomiske opplysingar etter nedskaleringa, og i samband med spørsmålet om prosjektet framleis er samfunnsmessig rasjonelt.

Retten kan derimot ikke som følge av dette legge til grunn at saka ikke er tilstrekkeleg opplyst. Det avgjerande vil vere om avkassingsmakta har tilstrekkelege opplysingar til å gjere ei forsvarleg vurdering av om tiltaket framleis er samfunnsmessig rasjonelt.

Ved vurderinga av om saka er tilstrekkeleg opplyst meiner retten at det må verte lagt vekt på bakgrunnen for at Haram Kraft AS vurderte alternative nettløysingar og gjekk for ei nedskalering av prosjektet. I følgje brev frå Haram Kraft AS av 26. september 2012 til

NVE, internt notat i Haram Kraft AS av 26. oktober 2012 og forklaringa til Ankile i Haram Kraft AS under forhandlingane, var bakgrunnen nettopp å gjere prosjektet lønsamt.

Ankile forklarte i retten at det etter kvart viste seg å vere meir sannsynleg med ei løysing på 45/50 MW, men at dette kostnadmessig ikkje kunne forsvare ei 132 kV-leidning. I tillegg gjorde ho greie for at elsertifikatorordninga og gunstigare skattemessige avskrivingsreglar i 2015 gjer at vindkraftverk i dag kan byggast ut med større bedriftsøkonomisk lønnsemd enn i 2008/2009. Ankile gjorde også greie for at den forlenga levetida til prosjektet har hatt betydning for lønsemda, og at produksjonen dermed heller ikkje er halvert, men utgjer ca. 80 % i forhold til opprinneleg tiltak. Retten meiner at også dette er eit moment ved vurderinga, sjølv om også det opprinnelege omsøkte prosjektet kunne fått ei forlenga levetid.

Forklaringa til Ankile i forhold til lønsemda ved utbygginga vert støtta av Stortingsmelding nr. 28 (2019-2020) punkt 2.2, der det går fram at:

«Kostnadene ved å produsere vindkraft i Norge har blitt redusert med nær 40 prosent mellom 2012 og 2019. Endringer i avskrivningsreglene for investeringer i vindkraft har også hatt betydning for lønnsomheten. Ordningen med gunstige avskrivningsregler gjelder for driftsmidler ervervet til og med inntektsåret 2021, jf. boks 2.3.»

Retten meiner at det må verte lagt vekt på at det går igjen i dei vurderingane som er gjort av både Haram Kraft AS og konsesjonsmyndigheitene at nedskaleringa er å rekne for ei forbetring samanlikna med opprinneleg omsøkt løysing, og mindre konfliktfylt. Løysinga ligg vidare innanfor konsesjonen si totale ramme, når det gjeld maksimal installert effekt. Dette får etter retten sitt syn betydning for kva krav som skal stillast til ytterlegare opplysingar for at behandlinga skal vere forsvarleg.

Ved vurderinga legg retten også noko vekt på at sjølv om det i vedtaket frå 2008 er uttala at Haram vindkraftverk framstår som eit av dei beste i Noreg reint økonomisk, synast ikkje økonomien i prosjektet som eit framheva omsyn for at konsesjon vart gitt. Slik oppfatta heller ikkje retten forklaringa til Olsen i NVE eller Taksdal i OED. Tvert i mot vert det i vedtaket frå 2008 konstatert at Haram vindkraftverk:

«...ikke vil være lønnsomt i dagens marked uten økonomiske støtteordninger, i likhet med de fleste andre omsøkte vindkraftverk.»

Retten legg også noko vekt på at konsesjon vert gitt av eit fagkyndig organ på området på bakgrunn av utførlege utgreiingar, og som årleg behandlar eit stor omfang konsesjonssaker. Når det gjeld vurdering av elektrisitetsproduksjon og økonomien i eit prosjekt, meiner retten at det må leggest til grunn at dette er opplysingar som konsesjonsmyndigheitene difor også innehar på generelt grunnlag. Retten oppfatta også

forklaringa til Taksdal i OED som at det i interesseavveginga vert gjort ei overordna vurdering av kor godt eit prosjekt er, ut frå den generelle kunnskapen ein har.

I vurderinga legg retten også vekt på at i OED sitt vedtak frå 2009 er det fordelane med å nå Stortingsmelding nr. 29 (1998-1999) si målsetning om fornybar energi, som vert trekt fram. Herunder at vindkraftverket vil verke positivt inn på den lokale og regionale krafttilgangen. I samband med godkjenning av MTA/detaljplan i 2019 vurderte NVE om prosjektet framleis var samfunnsmessig rasjonelt etter nedskaleringa, herunder omsynet til forsyningssikkerheita. Retten viser også til forklaringa til Ankile i retten om at forsyningssikkerheita knytt til Alvestad kraftstasjon vil verte betra og at Haram Kraft AS vil levere 70 % av krafta til Alvestad.

Retten legg vekt på at NVE i samband med vurderinga av MTA- og detaljplanen kravde oppdaterte tilleggsutgreingar, mellom anna når det gjeld verknader for fugl og produksjon, og viser til OED sitt vedtak av 24. mars 2020, punkt 3.4:

«Av godkjenningsvedtaket til MTA/detaljplan fremgår at kunnskapsgrunnlaget for enkelte temaer i detaljplanen ikke var tilstrekkelig oppdatert da søknaden om MTA/detaljplanen kom. NVE ba derfor Haram Kraft om ytterligere opplysninger om temaet fugl, støy, visuelle virkninger, produksjon og risiko for iskast.

Konsesjonsmyndighetene har mottatt flere notater om disse temaene og den nye kunnskapen er tatt med i vurderingene for de enkelte temaene i dette vedtaket. Departementet mener i likhet med NVE at kunnskapsgrunnlaget nå er tilstrekkelig til å behandle MTA-detaljplan for vindkraftverket og nettilknytningen.»

Vurderingane av om prosjektet framleis er samfunnsmessig rasjonelt er difor også gjort på bakgrunn av desse tilleggsutgreingane.

Retten kan etter dette ikkje sjå at det er noko i regelverket eller i den konkrete situasjonen som tilsei at konsesjonsmakta i denne samanheng burde ha innhenta ytterlegare opplysningar, eller at vurderingane som er gjort i forhold til om prosjektet er samfunnsmessig rasjonelt etter nedskaleringa ikkje er forsvarlege.

På denne bakgrunn meiner retten at saka var så godt opplyst som mogeleg i forhold til om prosjektet var samfunnsmessig rasjonelt etter nedskaleringa, jf. energilova § 3-1 jf. § 1-2 og forvaltningslova § 17.

6.2. Manglande vurdering av naturmangfaldlova § 7 jf. §§ 8 til 12

Spørsmålet retten skal ta stilling til i det vidare er om det er ein saksbehandlingsfeil at prinsippa etter naturmangfaldlova § 7 jf. §§ 8 til 12 ikkje er vurdert i vedtaket av 30. januar 2014.

Retten sin konklusjon er at dette ikkje er ein saksbehandlingsfeil, noko som vert nærmare grunngeve under.

Det følgjer av naturmangfaldlova § 7, at:

«Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.»

Føresegna inneber at prinsippa i §§ 8 til 12 skal verte lagt til grunn som retningslinje ved «*utøving av offentlig myndighet*». Retten meiner at ordlyden med dette ikkje stiller eit absolutt krav til at prinsippa skal kome inn ved kvart enkeltvedtak i ein omfattande avgjerdsprosess, for eksempel ved vedtak om fristutsetting.

Retten kan heller ikkje sjå at det av førearbeida til naturmangfaldlova § 7 går fram at det kan stillast eit slikt krav, jf. Ot.prp.nr.52 (2008–2009) på s. 378:

«§ 7 innebærer også at begrunnelsen for offentlige myndighetsbeslutninger skal vise hvordan prinsippene er kommet inn i den konkrete saken og hvilken vekt de er tillagt, jf. annet punktum...»

Ei konsesjonssak inneber delte avgjersleprosessar. I forhold til delte avgjersleprosessar følgjer det av Backer, Naturmangfoldloven 1. utgave s. 1062, at:

«Det forekommer at beslutningsprosessen er delt. (...) Det kan også være at det treffes en egen prinsippbeslutning i en sak før det tas stilling til alle detaljer. I flere sakstyper er det lovfestet at dette kan eller skal skje. (...) I andre tilfelle knytter kravene i §§ 7 til 12 seg til beslutningsprosessen som helhet. Da må de være oppfylt når den avsluttende avgjørelsen treffes. Men det vil ofte ikke være nok, fordi den tidligere prinsippavgjørelsen vil legge avgjørende føringer på den endelige. I så fall må retningslinjene også følges i samband med prinsippavgjørelsen. Mangler på dette punkt kan tenkes rettet opp i samband med den endelige avgjørelsen, men det er da grunn til å stille desto større krav til begrunnelsen etter § 7 annet punktum for at opprettingen er reell. Er på den annen side retningslinjene fulgt i samband med prinsippavgjørelsen, kan arbeidet med å følge dem i samband med den endelige avgjørelsen bli av begrenset omfang.»

Retten meiner at ordlyden i naturmangfaldlova § 7, halde saman med førearbeida og juridisk teori, inneber at naturmangfaldlova sine prinsipp i ei konsesjonssak som denne inneber at retningslinjene knytt seg til avgjersleprosessen som heilskap, og ikkje nødvendigvis ved kvart enkeltvedtak.

Naturmangfaldlova trådde i kraft mellom NVE sitt vedtak i 2008 og OED sitt vedtak i 2009. Betydinga av dette kjem etter retten sitt syn ikkje på spissen ettersom prinsippa i

naturmangfaldlova §§ 8 til 12 er vurdert i Haram Kraft AS sin konsesjonssak som sådan, herunder både i sjølve konsesjonsvedtaket til OED i 2009 og i vedtak om MTA- og detaljplan i 2019 og 2020.

Retten legg vekt på at vurderingane etter naturmangfaldlova vart gjort i OED sitt vedtak av 2009, slik retten har gjort greie for i punkt 4. I tillegg er prinsippa i naturmangfaldlova vurdert i NVE sitt vedtak om godkjenning av MTA/detaljplan i august 2019, jf. kapittel 4.3 om «*Virkninger for naturmiljø av endelig utbyggingsløsning*». Eit føremål med at det vert kravd ein godkjent MTA-plan er vidare at tiltakshavar skal unngå eller avgrense skadane på naturmangfaldet.

Retten viser vidare til at manglande vurdering av prinsippa også vart gjort gjeldande i klageomgangen til vedtak om MTA- detaljplan, og at NVE har vurdert prinsippa i si oversending av klage av 18. november 2019 til OED s. 19. OED har vidare merka at manglande vurdering av naturmangfald er ein av klagegrunnane.

Det at prinsippa ikkje er vurdert i samband med samtlege vedtak i konsesjonssaka, herunder vedtak om fristutsetting og endring i kalbelanlegg i 2014, er etter retten sitt syn ikkje noko feil etter naturmangfaldlova § 7.

Retten forstår saksøkkjar som at ein også meiner at det ligg føre manglande vurdering av naturmangfaldlova § 49 i vedtak av 30. januar 2014. Retten viser her til det som går fram av punkt 7.2, som retten meiner er dekkjande for denne anførselen.

6.3. Manglande utlegging, kunngjering og høyring

Ved vedtaket i 2014 vart det gitt fristutsetting med 6 år, konsesjonstid fram til 2045 og ei endring i jordkabelanlegget.

Spørsmålet retten skal ta stilling til er om det var ein saksbehandlingsfeil at søknaden frå Haram Kraft AS ikkje vart lagt ut til gjennomsyn, vart kunngjort og sendt på høyring før NVE trefte vedtak i januar 2014.

Retten har kome til at ein eventuell feil ved å ikkje legge søknaden ut til gjennomsyn mv. i alle tilfelle ikkje kan ha verka inn på vedtaket sitt innhald jf. forvaltningslova § 41. Retten vil grunngi dette i det følgjande.

Retten meiner at lengda på fristutsettinga som er seks år, talar for at det kan stillast spørsmål ved om det var «*ubetenkelig*» å unnlate kunngjering mv, slik OED har gjort greie for i sitt vedtak av 9. oktober 2020, jf. energilova § 10-4 jf. § 2-1.

Ved vurderinga av kva betyding dette kan ha hatt meiner retten at det må verte lagt vekt på at vedtaket av 2014 vart sendt til regionale og lokale myndigheiter samt

grunneigarar/rettighetshavarar, som også vart gitt moglegheit til å klage. Fråveret av klager illustrerer at det er lite truleg at ei høyring ville leia til vesentlege innvendingar.

Retten legg vidare vekt på at søknader om fristforlenging innanfor dei fristane som gjeld for deltaking i elsertifikatmarknaden, regelmessig vart innvilga av NVE først fram til 31. desember 2020, og deretter fram til 31. desember 2021. Retten viser her til brev frå NVE til konsesjonærane av 27. november 2019:

«Når elsertifikatordningen avsluttes, er det imidlertid grunnlag for å avslutte praksisen med å gi forlengelse av idriftsettelsesfristen. Teknologiutvikling og oppdatert kunnskapsgrunnlag om virkninger av vindkraft, jf. kunnskapsgrunnlaget i forslaget til nasjonal ramme for vindkraft, samt føringene i Stortingsmelding 25 (2015-2016) Kraft til endring - Energipolitikken mot 2030, tilsier også at fristene for idriftsettelse ikke bør forlenges ut over fristene i elsertifikatordningen.»

Søknad om fristutsetting var først inngitt den 19. juni 2013, medan endringssøknad av 9. januar 2014 gjaldt fristutsetting frå 2017-2020. I lys av den dågjeldande praksisen med forlenging fram til 31. desember 2020 meiner retten at det ikkje kan verte lagt særleg vekt på at vedtaket vart treft tre veker etter at siste søknad om fristutsetting vart sendt, slik saksøklar gjer gjeldande. På same bakgrunn og i lys av retten si vurdering i punkt 6.1, meiner retten at det heller ikkje ligg føre noko brot på kravet til forholdsmessigheit ved fristutsettinga, slik saksøklar gjer gjeldande.

Retten legg vidare vekt på forklaringa frå Olsen i NVE om at det berre er ein konsesjonær som ikkje har fått fristforlenging fram til 31. desember 2021, Andmyran vindkraftverk. Retten viser til at OED sitt vedtak om å nekte fristforlenging i det aktuelle tilfellet synast heilt konkret grunngeve, med hovudvekt på at planområdet bestod av svært viktig kystmyr, og den betydelege endringa som hadde funne stad når det gjaldt nedbygging av myr i Noreg og internasjonalt sidan konsesjonen vart gitt i 2006.

Retten legg ved vurderinga også ei viss vekt på at bygging av vindkraftverket også var omtala i lokalavisene i 2017 og 2018, og at det difor ikkje har vore heilt ukjent at kraftverket framleis var under planlegging.

Retten legg vidare vekt på at det har vore høve til å setje fram synspunkt og innvendingar knytt til spørsmålet om fristforlenging på eit seinare tidspunkt i prosessen. I NVE sitt vedtak av 30. august 2019 er konsesjonen si varigheit endra til 31. desember 2051, vedtaket er stadfesta av OED den 24. mars 2020. Denne søknaden vart sendt på høyring på vanleg måte. Det vart også sett fram innvendingar til forlenginga som vart vurdert, men ikkje teke til følgje av NVE. Spørsmålet om utsetting av idriftsetting har også vore vurdert av OED både ved vedtak av 24. mars 2020 punkt 3.3. og i vedtak av 9. oktober 2020 punkt 5.3.

Retten meiner på denne bakgrunn at ein eventuell feil når det gjeld unnlating av å leggje søknad om fristutsetting og endring i jordkabelanlegget ut til gjennomsyn i 2014 ikkje leier til at vedtaket er ugyldig. Etter retten sitt syn er det inga mogelegheit for at denne unnlatinga kan ha hatt betydning for innhaldet i vedtaket av 30. januar 2014 eller for innhaldet i Haram Kraft AS sin anleggskonsesjon, jf. forvaltningslova § 41.

7. Anleggskonsesjon av 25. april 2018

Nei til vindkraftverk på Haramsøy gjer gjeldande at vedtaket innebar ei endring i konsesjonen og at saksbehandlingsreglar i det høve er brote, at det i vedtaket ikkje er gjort noko vurdering av naturmangfaldlova § 7 jf. §§ 8 til 12 og at det i vedtaket ikkje er gjort noko vurdering av naturmangfaldlova § 49.

Når det gjeld saksøkjjar sin anførsel om manglande vurdering av naturmangfaldlova § 7 jf. § 8 til 12 viser retten til vurderinga og konklusjonen i punkt 6.2, som retten meiner er dekkjande i denne samanheng.

7.1 Endring i konsesjon

Spørsmålet er for det første om vedtaket lid av saksbehandlingsfeil i samband med at tal på turbinar, maksimal navhøgde og rotordiameter er fjerna i konsesjonsvedtaket av 25. april 2018, utan at dette er behandla som ei konsesjonsendring, jf. energilova § 3-1 jf. § 2-1.

Retten har kome til at ein eventuell feil i denne samanheng ikkje kan ha verka inn på verken innhaldet i vedtaket av 25. april 2018 eller den gjeldande konsesjonen til Haram Kraft AS, jf. forvaltningslova § 41.

Haram Kraft AS hadde ikkje søkt om endring i rotordiameter mv. I denne samanheng er det difor heller ikkje noko søknad å verken vurdere eller kunngjere mv. etter energilova § 2-1.

Retten meiner at heller ikkje konsesjonsmakta sin adgang til omgjerung etter energilova § 10-4 første ledd er treffande for den endring som her er gjort, då ein slik omgjeringsadgang skal skje av omsyn til ålmenne interesser. Det følgjer derimot av førearbeida til energilova at også alminnelege forvaltningsrettslege omgjeringsreglar kan gjere seg gjeldande, jf. Ot.prp. nr. 43 (1989-1990) s. 98.

På denne bakgrunn meiner retten at det er tvilsamt at endring i rotordiameter mv. isolert sett er ei endring i konsesjonsvedtaket som skulle følgt reglane i energilova § 2-1. Retten finn likevel ikkje grunn til å ta endeleg stilling til spørsmålet, då ein eventuell saksbehandlingsfeil i denne samanheng etter retten sitt syn uansett ikkje kan ha verka inn på vedtaket sitt innhald, jf. forvaltningslova § 41.

Retten legg i denne samanheng vekt på at NVE ved Olsen forklarte at det har vore forvaltningspraksis tilbake til 2002 at konsesjonsvedtak inneheld ei avgrensing knytt til maksimal installert effekt og eit geografisk planområde, men ikkje i forhold til tal på turbinar, navhøgde og rotordiameter. Olsen hadde inga forklaring på kvifor tal på turbinar mv. var ein del av konsesjonsvedtaket i 2008, og meinte at dette truleg kvilte på ein feil. Retten viser også til at OED har gjort greie for denne praksisen i sitt vedtak av 9. oktober 2020:

«Departementet bemerker at det har vært fast og langvarig praksis for at konsesjoner til vindkraftverk har vært gitt for et nærmere geografisk avgrenset planområde med en maksimal installert effekt. I tillegg settes det i alle slike konsesjoner standardvilkår og spesielle vilkår basert på de lokale forholdene. Konsesjonæren må i forbindelse med utarbeidelsen av MTA/detaljplanen, vurdere konsekvensene av endringene som er foretatt. Plassering av turbiner er blant annet avhengig av hvilke turbintyper som skal brukes. Det inngås ikke kontrakter med turbinleverandør før konsesjonen er gitt, og nøyaktig plassering av turbinene fastlegges gjennom omfattende analysearbeid som turbinleverandør og konsesjonær er ansvarlige for. De siste årene har det vært en betydelig teknologiutvikling for vindturbiner. Detaljplanen som skal godkjennes av NVE, angir derfor vanligvis en justert utbyggingsløsning sammenlignet med den løsningen som ble skissert i konsesjonsøknaden. Tilpasningen som skal til for utformingen av et vindkraftverk, har vært avgjørende for å kunne benytte den best tilgjengelige teknologien og sikre en best mulig ressursutnyttelse som grunnlag for detaljplanen forelagt for konsesjonsmyndighetene til behandling og godkjenning.»

Bakgrunnen for praksisen med å ikkje stille vilkår om turbinhøgde mv. i konsesjonsvedtaka synast altså å ha sin bakgrunn i å sikre best mogeleg teknologi og ressursutnytting i samband med utbygginga av vindkraftverk. Dette er også i samsvar med energilova sitt føremål om samfunnsmessig rasjonalitet, jf. energilova § 1-2.

Retten meiner at vilkåret i konsesjonen til Haram Kraft AS om detaljplan også trekk i retning av at det ikkje er naturleg å forstå sjølve konsesjonen som gitt på vilkår om ei maksimal navhøgde mv, jf. for eksempel vilkår nr. 8 i konsesjonen frå 2008:

«Dersom valg av leverandør/turbinstørrelse medfører endringer av tiltaket slik det er spesifisert i anleggskonsesjonen, skal også dette fremlegges i en detaljplan.»

Retten legg vidare vekt på at anlegget er nedskalert som skildra over, og at konsesjonær også har halde seg innanfor den gitte ramma, med unntak av rotordiameter som er auka frå 120 m til 136 m. Når det gjeld verknaden av auka rotordiameter legg retten vekt på at dette var heilt sentralt ved handlinga av MTA/detaljplan, jf. punkt 4.3 i NVE sitt vedtak av 30. august 2019, og var ein del av grunngevinga for at OED i vedtak av 24. mars 2020 sette vilkår om at turbin 1 måtte flyttast.

Ved den samla vurderinga av om feilen kan ha verka inn på vedtaket legg retten vekt på at det i følgje fast forvaltningspraksis ikkje vert sett vilkår om navhøgde mv. i konsesjonen, halde saman med at utbyggingsløysinga likevel er innanfor dei vilkåra som vart sett med unntak av rotordiameter, i kombinasjon med at verknaden av auka rotordiameter er forsvarleg vurdert av NVE og OED ved behandlinga av MTA- og detaljplan i 2019 og 2020.

Saksøklar har vidare påpeika at det var ein feil at vedtaket frå april 2018 endra krava til korleis MTA-planen skulle utarbeidast i samråd med kommunen.

Retten kan på dette punkt ikkje sjå at endringa i ordlyden innebar noko realitetsskilnad. Det er ikkje ført nokon bevis for at kommunen, verken ved høyringa av MTA-planen eller i klageomgangen har reist kritikk mot korleis kommunen har blitt involvert i utarbeidinga av MTA-planen. Det er difor ikkje haldepunkt for at involvering av kommunen ikkje er følgt opp av Haram Kraft AS.

På denne bakgrunn meiner retten difor at eventuelle saksbehandlingsfeil i samband med vedtaket av 25. april 2018 ikkje leier til at konsesjonen er ugyldig, då det ikkje er noko moglegheit for at feila kan ha verka inn på innhaldet i vedtaket, jf. forvaltningslova § 41.

7.2 Manglande vurdering av naturmangfaldlova § 49

Spørsmålet retten skal ta stilling til er om det er ein feil at naturmangfaldlova § 49 ikkje er vurdert i vedtaket av 25. april 2018.

Retten har kome til at dette ikkje er noko feil, og vil grunngjeve det i det vidare.

Det følgjer av naturmangfaldlova § 49, at:

«Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.»

Det følgjer av ordlyden at omsyna til verneverdiane skal verte tillagt vekt ved vurderinga av om løyve skal verte gitt. Rette meiner at det følgjer av ei naturleg forståing av ordlyden, som at denne vurderinga i det minste skal gjerast både i samsvar med at konsesjon vart gitt, og ved godkjenning av endeleg utbyggingsløysing. Retten viser her til vurderinga som er gjort i punkt 6.2, når det gjeld betydinga av naturmangfaldlova § 7 i relasjon til det enkelte vedtak. Retten meiner at dei same omsyna talar for at det heller ikkje kan krevjast at naturmangfaldlova § 49 vert vurdert ved kvart enkelt vedtak i ein omfattande avgjerdsprosess.

Vedtaket av 5. april 2018 gjaldt overføring av konsesjon for kraftledning til Haram Kraft AS. Haram Kraft AS hadde på dette tidspunktet ikkje søkt om endring i konsesjonen i forhold til rotordiameter mv. Retten meiner at NVE difor heller ikkje hadde noko grunnlag eller oppfordring til å vurdere naturmangfaldlova § 49 i denne samanheng.

Retten forstår vidare saksøkjjar slik at ein også gjer gjeldande at innverknadane på verneverdiane etter naturmangfaldlova § 49 ikkje er vurdert av konsesjonsmakta, og då særleg under omsyn til nedskalering av prosjektet og i forhold til auke i rotordiameter.

Fuglereservatet vart oppretta i 2010 og difor etter at Haram Kraft AS fekk løyve til å bygge vindkraftverk. Vidare trådde naturmangfaldlova i kraft etter NVE sitt konsesjonsvedtak i 2008 men før OED sitt klagevedtak i 2009. Retten meiner at det kan stillast spørsmål ved på kva måte naturmangfaldlova § 49 gjer seg gjeldande for verksemd med løyve før føresegna trådde i kraft og før naturreservatet var oppretta, jf. Backer, Naturmangfoldloven s. 427. Retten tek derimot ikkje endeleg stilling til dette, då omsynet til verneverdiane i det planlagde naturreservatet inngår i vurderinga av om løyve skal verte gitt i OED sitt vedtak av 2009:

«I revidert tematisk konfliktvurdering gir DN og Riksantikvaren karakter C for naturmiljø. I konfliktvurderingen heter det at "Tiltaket ligger så nært fjellsidene at det kan påvirke hekking. Bestandsnedgang for rovfugl må påregnes." Departementet konstaterer at plan området for vindkraftverket ikke direkte vil berøre potensielle hekkelokaliteter for havørn. Imidlertid kan særlig havørn, hubro og vandrefalk være utsatt for kollisjon med vindturbiner. Når det gjelder de to vernede områdene ved Rogneholmen og Ullasundet og det foreslåtte naturreservatet "Haramsøya vestsida", viser departementet til DN s vurdering hvor det heter at "fuglelivet i fjæra blir lite påvirket direkte." I brev av 14. august 2009 gjør DN følgende presiseringer vedrørende det foreslåtte naturreservatet "Haramsøya vestsida": "Fugl som benytter luftstrømmene langs fjellsiden vil være spesielt utsatt for kollisjon med vindturbinene. Det går også et viktig trekkområde gjennom området og konsekvensene av vindkraftverket på dette trekket må følges opp." Det er avklart mellom energi- og miljømyndighetene at grensene for det foreslåtte naturreservatet justeres, slik at verneområdet og plan området for Haram vindkraftverk ikke overlapper.»

OED gjorde deretter ei nærmare vurdering og konkluderte med at ein ikkje fann ulempene for fugl som avgjerande for vedtaket om å gi konsesjon, og sette vilkår om miljøoppfølgingsprogram, slik retten har gjort greie for over. Retten viser elles til at det følgjer av førearbeida til naturmangfaldlova § 49 at forvaltningsorganet i staden for å gi avslag på tiltak som følgje av verknadane på verneområde, skal vurdere om ein kan gi løyve på vilkår, jf. Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) s. 244.

Retten legg også vekt på at verneområdet si utstrekning er koordinert mellom fagmyndighetene i verneplan av 28. mai 2010, der det mellom anna i forhold til vindkraftverk går fram at:

«Konsesjonsområdet for Haram vindkraftverk overlapper noe med det foreslåtte naturreservatet Haramsøya vestsida. Grensene for naturreservatet justeres derfor mot konsesjonsområdet for Haram vindkraftverk slik at overlapp unngås. I konsesjonen for vindkraftverket stilles krav om et miljøoppfølgingsprogram som skal utarbeides i samråd med miljømyndighetene. Programmet skal omfatte før- og etterundersøkelser knyttet til fugl, og myndighetene kan pålegge ytterligere undersøkelser og avbøtende tiltak om nødvendig. Miljøoppfølgingsprogrammet skal fange opp eventuelle negative virkninger av vindkraftanlegget på verneformålet i det tilgrensende naturreservatet.»

Retten viser vidare til at verneverdiane er teke omsyn til i endeleg utbyggingsløyising, der Multiconsult i rapport av 10. juli 2019 mellom anna gjer greie for følgjene ved auke i rotordiameter og nedskalering av prosjektet:

«Turbiner som er plassert nær kanten av fjellplatået mot sørvest og mot nordøst antas å medføre noe større kollisjonsrisiko for seilende rovfugler enn turbiner lengre inn på fjellplatået. Fuglefjellet i Haramsøya vestsida naturreservat ligger på nordvestsida av konsesjonsområdet og representerer en matkilde som må forventes å gi markert større bruksfrekvens av svevende rovfugler her enn langs de andre kantene rundt konsesjonsområdet.

Eksempelutlegget med 16 turbiner fra konsesjonen har 4 turbiner tett inntil naturreservatet, mens utbyggingsløyisingen har 2 turbiner her, hvorav den ene ligger inntrukket 240 m fra kanten. Eksempelutlegget fra konsesjonen har vidare 6-7 turbiner langs kanten i nordøst, mens utbyggingsløyisingen har 4 turbiner. Selv om utbyggingsløyisingen har et større sveipareal per turbin, mer enn oppveies dette av at antallet turbiner langs disse kantene er redusert fra 10-11 til 6.

Totalt fangstareal for turbinene nær disse kantene med best termikk går ned fra 113-124 dekar til 87 dekar, en reduksjon på 23-30 %.

Oppsummert gir utbyggingsløyisingen sammenliknet med konsesjonens rammer og basert på disse matematiske tilnærmingene en lavere kollisjonsrisiko for fugl generelt, trolig omtrent uendret kollisjonsfare for lavtflygende arter (men avhengig av hvilken navhøyde man legger til grunn for konsesjonsgitt utlegg), og lavere kollisjonsrisiko for rovfugl som bruker oppadstigende luftstrømmer rundt kantene av konsesjonsområdet.»

Godkjenning av detaljplan og MTA-plan i vedtak av 30. august 2019 er vidare er gitt på vilkår som forutsatt i verneplan av 10. mai 2010.

NVE har også vurdert forholdet til naturmangfaldlova § 49 i si klageoversending til OED av 18. november 2019. OED har deretter i vedtak av 24. mars 2020 bestemt at turbin nr. 1 skal flyttast med den grunngjeving at den var plassert så nær fuglereservatet at den kan utgjere ein kollisjonsfare for rovfugl og andre arter som nyttar luftrommet langs skråninga.

Retten meiner at konsesjonsmyndigheitene med dette både har vore kjent med og har vurdert og vektlagt verneverdiane i samsvar med naturmangfaldlova § 49, og vidare kome til at løyve vert gitt på ulike vilkår slik det er gjort greie for over.

Konsesjonen til Haram Kraft AS er etter dette ikkje ugyldig som følgje av manglande vurdering av naturmangfaldlova § 49.

8. NVE sitt vedtak av 25. januar 2019 og 7. februar 2019

Spørsmålet er om det ligg føre saksbehandlingsfeil ved at søknaden om utsett frist for idriftsetting frå 31. desember 2020 til 31. desember 2021 ikkje vart kunngjort mv., og om anleggskonsesjonen er gitt ei varigheit ut over dei avgrensingar som følgjer av energilova § 2-2.

Retten har kome til at det ikkje ligg føre noko saksbehandlingsfeil ved dette vedtaket, eller at anleggskonsesjonen si varigheit manglar heimel i energilova.

Retten viser først til det som går fram av vurderinga i punkt 5, i forhold til tilsvarende spørsmål for anleggskonsesjon av 5. august 2012, både når det gjeld utsett frist for idriftsetting og konsesjonen si varigheit. Vurderingane er etter retten sitt syn dekkjande for spørsmål om ugyldigheit knytt til vedtak av 25. januar 2019 og 7. februar 2019.

Når det gjeld spørsmål om utsett frist for idriftsetting meiner retten at det var «ubetenkelig» å ikkje legge søknad om fristutsettinga i 2019 ut til offentleg høyring mv, jf. energilova § 10-4 andre ledd jf. § 2-1 femte til sjuande ledd.

Retten viser her til vurderinga i OED sitt vedtak av 9. oktober 2020 der det er teke stilling til dette spørsmålet:

«Når det ikke fremsettes noen vesentlige innsigelser mot etableringen av vindkraftverket i forbindelse med søknaden om kaianlegget, mener departementet at det er lite sannsynlig at resultatet ville blitt et annet ved utlegging og kunngjøring av søknaden om utsatt frist for idriftsettelse. Departementet peker også på at vedtaket er begrenset til en utsettelse av fristen med ett år til utløpet av fristen for å få elsertifikater i tråd med praksis for vedtak om en rekke tilsvarende utsettelser av idriftsettelsen for vindkraftverk. Departementet mener det var ubetenkelig å unnlate utleggelse, kunngjøring og høring av søknaden om utsatt frist for idriftsettelse.»

Retten kan ikkje sjå at saksøkjjar har konkretisert nærmare kva som er feil med denne vurderinga. Retten kan heller ikkje sjå at saksøkjjar har vist til noko informasjon som ville ha kome fram dersom søknaden hadde vore underlagt høyring, og korleis slik informasjon eventuelt kunne ha verka inn på vedtaket. Søknad om etablering av kaianlegg, som vart avgjort i same vedtak, vart sendt på høyring utan vesentlege innvendingar.

Når retten gjer ei samla vurdering av at søknad om etablering av kaianlegg mv. vart sendt på høyring utan vesentlege innvendingar, at fristutsettinga var avgrensa til eitt år, at utsettinga elles var i tråd med gjeldande praksis, samt at vedtaket ikkje vart påklaga, meiner retten at det framstår som «ubetenkelig» å unnlate kunngjering av søknaden om fristutsetting, jf. energilova § 10-4 andre ledd jf. § 2-1 femte til sjuande ledd.

9. Konklusjon

Ved den langvarige og omfattande konsesjonsbehandlinga er det enkelte forhold som kunne vore behandla på ein betre måte. Dette særleg sett i lys av dei skjerpa krava til saksbehandlinga som hovudsakeleg har vore oppstilt i etterkant av vedtaka i denne saka.

Retten meiner derimot at saksbehandlinga samla sett har vore tilfredsstillande, og at det ikkje ligg føre mangelfullt avgjerslegrunnlag eller andre saksbehandlingsfeil på eit punkt som kan ha betydning for nokon del av innhaldet i Haram Kraft AS sin anleggskonsesjon.

Etter retten sitt syn ligg det difor ikkje føre feil som kan ha verka inn på nokon av vedtaka i denne saka, verken enkeltvis eller samla. Det er difor ikkje sannsynleggjort at konsesjonen til Haram Kraft AS er ugyldig.

Vilkåret i tvistelova § 34-2 første ledd om at mellombels åtgjerd berre kan skje dersom kravet det er kravd åtgjerd for er sannsyneleggjort, er etter dette ikkje oppfylt.

Retten vurderer difor ikkje om det ligg føre sikringsgrunn etter tvistelova § 34-1.

Kravet om mellombels åtgjerd vert etter dette ikkje teke til følgje.

10. Sakskostnader

Haram Kraft AS har etter dette vunne saka og har i utgangspunktet krav på full erstatning for sine sakskostnader, jf. tvistelova § 20-2 første og andre ledd.

Advokat Naas-Bibow har fremja ei sakskostnadsoppgåve med totalt kr. 1 125 684 eks mva. Kravet gjeld til saman 315,5 timar arbeid, fordelt på 92,5 timar arbeid fram til inngitt tilsvar med kr. 282 322, 148 timar arbeid fram til munnleg forhandling med kr. 541 728, samt 75 timar arbeid fram til forhandlingane si avslutning med kr. 264 562. I tillegg er det kravd kr. 37 071 i reise og opphaldsutgifter. Arbeidet omfattar bruk av rettsleg medhjelpar,

og timesatsen varierer frå kr. 2 100 til kr. 5 785, der gjennomsnittleg timesats utgjer kr. 3568.

Saksøkjær gjer for det første gjeldande at det ligg føre tungtvegande grunnar som gjer det rimeleg å heilt eller delvis verte fritake frå sakskostnadsansvar, jf. tvistelova § 20-2 tredje ledd, der det går fram at:

«Motparten kan helt eller delvis fritas for erstatningsansvar hvis tungtveiende grunner gjer det rimelig. Det legges særlig vekt på

a) om det var god grunn til å få saken prøvd fordi den var tvilsom eller først ble bevismessig avklart etter saksanlegget,

b) om den vinnende part kan bebreides at det kom til sak eller har avslått et rimelig forlikstilbud, eller

c) om saken er av velferdsmessig betydning og styrkeforholdet partene imellom tilsier slikt fritak»

Terskelen for å nytte denne lempingsregelen er i følgje ordlyden høg. Spørsmålet om det ligg føre tungtvegande grunnar skal avgjerast etter ei heilskapleg vurdering, der fritaksgrunnane som er opplista ikkje er uttømmmande.

Retten forstår saksøkjær slik at ein meiner at den viktige rolla domstolen har som kontrollør av offentleg forvaltning i kombinasjon med styrkeforholdet mellom partane, talar for at saksøkjær heilt eller delvis bør fritakast frå sakskostnader, jf. tvistelova § 20-2 tredje ledd bokstav c.

Styrkeforholdet mellom partane tilseier isolert sett at det vert gitt fritak frå sakskostnadsansvaret. Det er derimot for snevert å vise til styrkeforholdet mellom partane som grunnlag for lemping, utan å drøfte andre moment jf. Rt. 2012 side 209 avsnitt 17, som for eksempel om det var god grunn til å gå til sak, om saka var prinsipiell eller om det har vore tvil ved avgjerda.

Omsynet til domstolskontroll med forvaltningsvedtak for den svakare part, gjer etter retten sitt syn seg ikkje gjeldande i ei sak om mellombels åtgjerd reist ovanfor Haram Kraft AS. Retten viser vidare til at spørsmåla som saksøkjær har reist, i stor grad har vore gjenstand for behandling under forvaltninga si ordinære behandling, klagebehandling og nyleg i samband med at departementet på bakgrunn av Stortinget si anmodning vurderte om det var grunnlag for omgjerding. Sjølv om saka naturleg nok er av stor betydning for Nei til Vindkraftverk på Haramsøy, meiner retten derimot at grunnane for å gå til sak ikkje talar for ei lemping av sakskostnadsansvaret. Det er etter retten sitt syn heller ikkje prinsipielle sider ved saka eller tvil, som gjer det rimeleg å fritas for sakskostnadsansvar.

Retten har etter dette kome til at det ikkje er tungtvegande grunnar som gjer det rimeleg å heilt eller delvis fritta for sakskostnadsansvar i medhald av tvistelova § 20-2 tredje ledd.

Saksøkjjar har vidare gjort gjeldande at sakskostnadskravet er for høgt. Retten forstår dette som at ein meiner at sakskostnadane ikkje er rimelege og nødvendige, jf. tvistelova § 20-5 første ledd, første og andre punktum, der det går fram at:

«Full erstatning for sakskostnader skal dekke alle partens nødvendige kostnader ved saken som ikke særlige regler gir grunnlag for å unnta. Ved vurderingen av om kostnadene har vært nødvendige, legges det vekt på om det ut fra betydningen av saken har vært rimelig å pådra dem.»

Dette inneber at det skal gjerast ei proporsjonalitetsvurdering med utgangspunkt i tvistegenstanden sin verdi og betydninga av saka ut over dette, jf. HR-2020-611-A avsnitt 67. Retten meiner at eit sakskostnadskravet på kr. 1 125 684 for munnlege forhandlingar over fire dagar, isolert sett synast høgt.

Det er i førearbeida til tvistelova gitt klare signal om at kostnadsnivået i sivile saker skal reduserast, og at domstolane skal ha ei langt meir sentral rolle med å styre kostnadsnivået, jf. Ot.prp.nr.51 (2004–2005) side 51-59. Storleiken på sakskostnadane har vidare hatt særleg fokus i ny Høgsterettspraksis og juridisk teori, jf. Clement Endresen og Gjermund Aasbrenn, Sakskostnader på dagsordenen i Høyesterett, Lov og Rett 2019 side 353-378, på side 353-354 og 363-364, med vidare referansar.

Når det gjeld betydninga av saka for Haram Kraft AS, viser retten til at utbygginga av vindkraftverket er i gang og at kraftselskapet er gitt ein frist for å sette anlegget i drift. Ankile i Haram Kraft AS viste til at det vil koste selskapet minimum kr. 120 000 og opp til kr. 400 000 per dag, dersom anleggsarbeidet vert stansa. Retten har ikkje grunnlag for å prøve desse anslaga nærmare, men legg i alle tilfelle til grunn at saka er av stor økonomisk betydning for Haram Kraft AS. Faktum i saka er svært omfattande, og saka er anlagt svært vidt med ei rekkje rettslege problemstillingar, som er ressurskrevjande å imøtegå. I lys av dette meiner retten at det synast som nødvendig at prosessoppdraget er utført av fleire for å gjennomføre oppdraget på ein effektiv måte og at det er rimeleg å pådra kostnader av eit relativt høgt omfang.

Som følgje av det omfattande faktumet vert saka også rettsleg sett krevjande. På bakgrunn av at saka gjeld konsesjonsbehandling er det vidare rimeleg og nødvendig å nytte bistand med spesialkompetanse på området. Retten si oppfatning er likevel at dei rettslege og faktiske problemstillingane i stor grad har vore spissa frå saksøkjjar si side, og det er difor ikkje haldepunkt for at saksøkte har måtte brukt tid på å forstå påstandsgrunnlaget. Retten meiner på denne bakgrunn at sakskostnadane framstår som for høge, herunder at arbeidsomfanget på 315,5 timar i samband med kravet om mellombels åtgjerd går ut over

nødvendige kostnader som har vore rimeleg å pådra for å ivareta Haram Kraft AS sine interesser.

Vurderinga av kva som vil vere rimeleg salærsats kvilar på eit skjønn, der målestokken er kva ein alminneleg dyktig advokat ville ha kravd i salær i ein slik sak, jf. Tore Schei mfl: «*Tvisteloven. Kommentartutgave*», 2. utgave, bind I side 726. Retten kan ikkje sjå at den gjennomsnittlege timeprisen «*i en ikke uvesentlig grad avviker fra det som må antas å være nødvendig ut fra en normalmålestokk*», jf. Ot.prp.nr.51 (2004–2005) side 447-448. Retten meiner likevel at det med ein gjennomsnittleg timepris på 3 658 må ventast effektivt og relevant utført arbeid.

Retten finn at sakskostnadane etter ei skjønsmessig vurdering skal setjast til kr. 950 000, som etter retten sitt syn er å rekne for rimelege og nødvendige kostnader med saka.

Nei til Vindkraftverk på Haramsøy skal etter dette betale kr. 950 000 i sakskostnader til Haram Kraft AS.

SLUTNING

1. Krav om mellombels åtgjerd vert ikkje teke til følgje.
2. I sakskostnader skal Nei til Vindkraftverk på Haramsøy betale 950 000 – nihundreogfemtusen – kroner til Haram Kraft AS innan to veker frå orskurden er forkynt.

Retten heva

Rebekka Valde Bjørndal

Rettleiing om retten til anke i sivile saker er vedlagd

Rettleiing om anke i sivile saker

I sivile saker er det reglane i tvistelova kapittel 29 og 30 som gjeld for anke. Reglane for anke over dom, anke over orskurd og anke over beslutning er litt ulike. Nedanfor finn du meir informasjon og rettleiing om reglane.

Ankefrist og gebyr

Dersom retten ikkje har fastsett ein annan frist, er fristen for å anke ein månad frå den dagen avgjerda blei gjort kjent for deg. Desse periodane tel ikkje med når fristen blir berekna (rettsferie):

- frå og med siste laurdag før palmesøndag til og med andre påskedag
- frå og med 1. juli til og med 15. august
- frå og med 24. desember til og med 3. januar

Den som ankar, må betale behandlingsgebyr. Du kan få meir informasjon om gebyret frå den domstolen som har behandla saka.

Kva må ankeerklæringa innehalde?

I ankeerklæringa må du nemne

- kva for avgjerd du ankar
- kva for domstol du ankar til
- namn og adresse på partar, partsrepresentantar og prosessfullmektigar
- kva du meiner er feil med den avgjerda som er tatt
- den faktiske og rettslege grunnivinga for at det ligg føre feil
- kva for nye fakta, bevis eller rettslege grunnar du vil leggje fram
- om anken gjeld heile avgjerda eller berre delar av den
- det kravet ankesaka gjeld, og kva for resultat du krev
- grunnlaget for at retten kan behandle anken, dersom det har vore tvil om det
- korleis du meiner anken skal behandlast vidare

Dersom du vil anke ein dom frå tingretten til lagmannsretten

Dommar frå tingretten kan ankast til lagmannsretten. Du kan anke ein dom dersom du meiner det er

- feil i dei faktiske forholda som retten har lagt til grunn i dommen
- feil i rettsbruken (at lova er tolka feil)
- feil i saksbehandlinga

Dersom du vil anke, må du sende ei skriftleg ankeerklæring til den tingretten som har behandla saka. Dersom du fører saka sjølv utan advokat, kan du møte opp i tingretten og anke munnleg. Retten kan og tillate at prosessfullmektigar som ikkje er advokatar, ankar munnleg.

Det er til vanleg ei munnleg forhandling i lagmannsretten som avgjer anke over dom. Ved ankebehandlinga skal lagmannsretten konsentrere seg om dei delane av avgjerda til tingretten som er omtvista, og som der er knytt tvil til.

Lagmannsretten kan nekte å behandle ein anke dersom lagmannsretten kjem til at det er klart at dommen frå tingretten ikkje vil bli endra. I tillegg kan retten nekte å behandle enkelte krav eller ankegrunnar sjølv om resten av anken blir behandla.

Retten til å anke er avgrensa i saker som gjeld formueverdi under 250 000 kroner

Dersom anken gjeld ein formueverdi under 250 000 kroner, blir det kravd samtykke frå lagmannsretten for at anken skal kunne bli behandla.

Når lagmannsretten vurderer om den skal gi samtykke, legg retten vekt på

- saka sin karakter
- partane sitt behov for å få saka prøvd på ny
- om det ser ut til å vere svake sider ved avgjerda som er anka, eller ved behandlinga av saka

Dersom du vil anke ein orskurd eller ei beslutning til lagmannsretten

Ein *orskurd* kan du som hovudregel anke på grunn av

- feil i dei faktiske forholda som retten har lagt til grunn i orskurden
- feil i rettsbruken (at lova er tolka feil)
- feil i saksbehandlinga

Orskurdar som gjeld saksbehandlinga, og som er tatt på grunnlag av skjøn, kan berre ankast dersom du meiner at det er utøvd uforsvarleg eller klart urimeleg skjøn.

Ei *beslutning* kan du berre anke dersom du meiner

- at retten ikkje hadde rett til å ta ei slik avgjerd på det gjeldande lovgrunnlaget, eller
- at avgjerda openbert er uforsvarleg eller urimeleg

Dersom tingretten har avsagt dom i saka, kan tingretten sine avgjerder om saksbehandlinga ikkje ankast særskilt. Men da kan dommen ankast på grunnlag av feil i saksbehandlinga.

Orskurdar og beslutningar kan du anke til den tingretten som har tatt avgjerda. Anken blir til vanleg avgjort ved orskurd etter skriftleg behandling i lagmannsretten.

Dersom du vil anke avgjerd i lagmannsretten til Høgsterett

Høgsterett er ankeinstans for avgjerder i lagmannsretten.

Anke til Høgsterett over *dom* krev alltid samtykke frå ankeutvalet i Høgsterett. Samtykke blir berre gitt når anken gjeld spørsmål som har betydning ut over den aktuelle saka, eller det av andre grunnar er særleg viktig å få saka behandla av Høgsterett. Anke over dom blir til vanleg avgjort etter munnleg forhandling.

Ankeutvalet i Høgsterett kan nekte å ta ankar over *orskurdar* og *beslutningar* til behandling. Dersom dei blir tatt til behandling, er det som regel fordi spørsmålet har betydning ut over den aktuelle saka, fordi andre omsyn taler for at anken bør prøvast, eller fordi saka reiser omfattande bevisspørsmål.

Når ein anke over orskurdar og beslutningar i tingretten er avgjort ved orskurd i lagmannsretten, kan avgjerda som hovudregel ikkje ankast vidare til Høgsterett.

Anke over orskurd og beslutning i lagmannsretten blir til vanleg avgjort etter skriftleg behandling i ankeutvalet i Høgstere

